

# Kommuneplanen sin samfunnsdel



**FNs BÆREKRAFTSMÅL** 

**KPS 2024 – 2034**

18.10.2024

Kommunedirektøren

**Høyringsutkast**

# Innholdsliste:

<b>Forord ved ordfører .....</b>	<b>4</b>
<b>1. Kommuneplanen – dit me vil.....</b>	<b>5</b>
1.1. <i>Kven er me.....</i>	5
1.2. <i>Om kommuneplan og samfunnsdel .....</i>	6
1.3. <i>Grunnleggjande prinsipp.....</i>	7
1.3.1. FN sine berekraftsmål .....	7
1.3.2. Bømlo legg til grunn tre prinsipp som skal styra planleggjinga .....	7
1.4. <i>Satsingsområde og denne samfunnsdelen .....</i>	7
1.4.1. Lokale kunnskapsgrunnlag .....	8
1.4.2. Regionale kunnskapsgrunnlag og planar .....	8
1.4.3. Nasjonale kunnskapsgrunnlag og forventningar .....	8
1.4.4. Drivarar som påverkar samfunnsutviklinga .....	9
1.5. <i>Endringsbehov og revidering KPS 2024.....</i>	9
1.6. <i>Bømlo kommune som utviklar .....</i>	10
1.7. <i>Nokre gjennomgåande plantema .....</i>	11
1.7.1. Universell utforming (UU) .....	11
1.7.2. Digitalisering .....	11
1.7.3. Miljøretta helsevern (MHV) .....	11
1.7.4. Beredskap .....	11
1.7.5. «Bu trygt heime» .....	11
1.8. <i>Samfunnsplanen si tematiske inndeling .....</i>	12
<b>2. Ta vare på klima og naturen vår .....</b>	<b>13</b>
2.1. <i>Klima i endring .....</i>	13
2.1.1. Klimaførebyggjing og -tilpassing .....	14
2.1.2. Klimarisiko.....	14
2.2. <i>Tilgang til energi .....</i>	15
2.3. <i>Naturforvaltning .....</i>	15
2.3.1. Naturvern.....	17
2.4. <i>Vassforvaltning og forureining .....</i>	18
<b>3. Økonomi, verdiskaping og arbeid .....</b>	<b>19</b>
3.1. <i>Berekraftig kommuneøkonomi .....</i>	19
3.2. <i>Tilgang til arbeidskraft og kompetanse .....</i>	20
3.3. <i>Tilflytting og heimflytting.....</i>	20
3.4. <i>Næringsliv .....</i>	21
3.5. <i>Kjønnsgap.....</i>	22
3.6. <i>Havnæringar og akvakultur .....</i>	22
3.7. <i>Destinasjonsutvikling .....</i>	23
3.8. <i>Landbruk .....</i>	24
3.8.1. Jordvern og myr .....	25
3.8.2. Kulturlandskap .....	26
3.9. <i>Mineral og masseforvaltning .....</i>	26
<b>4. Leva i kystkommunen .....</b>	<b>27</b>
4.1. <i>Infrastruktur - veg og samband .....</i>	27
4.2. <i>Kommunesenter og lokalsentra – der kvardagen kan «gå opp» .....</i>	28
4.2.1. Kommunesenteret .....	29
4.2.2. Lokalsentra.....	29
4.2.3. Sentrumsområde i kommune- og lokalsentra.....	30
4.3. <i>Bustadpolitikk .....</i>	30

4.4.	<i>Eстетikk og arkitektur</i> .....	31
4.5.	<i>Kultur, idrett – og frivillighet</i> .....	32
4.5.1.	<i>Bibliotek</i> .....	32
4.5.2.	<i>Idrett og friluftsliv</i> .....	32
4.5.3.	<i>Kyrkje og trusliv</i> .....	33
4.6.	<i>Kulturmiljø og kulturminne</i> .....	33
4.7.	<i>Friluftsområde</i> .....	34
4.8.	<i>Kysten og strandsona</i> .....	34
<b>5.</b>	<b><i>Rusta for livet</i></b> .....	<b>35</b>
5.1.	<i>Sosial berekraft</i> .....	36
5.2.	<i>Det generasjonsvenlege samfunnet</i> .....	36
5.3.	<i>Alle med</i> .....	37
5.4.	<i>Sosiale møteplassar</i> .....	38
5.5.	<i>Berekraftig og trygg mobilitet</i> .....	38
5.6.	<i>Samarbeida om livskvalitet</i> .....	39
5.7.	<i>Opplæring</i> .....	40
5.8.	<i>Bustadsosialt arbeid – «Alle skal kunne bu trygt og godt»</i> .....	41
<b>6.</b>	<b><i>Engasjement og demokrati</i></b> .....	<b>42</b>
6.1.	<i>Demokratiet vårt</i> .....	42
6.2.	<i>Digitalisering</i> .....	43
6.3.	<i>Digitalt utanforskap</i> .....	43
6.4.	<i>Kommunestyret og dei folkevalde</i> .....	44
6.5.	<i>Grendautvala</i> .....	44
6.6.	<i>Ungdomsrådet</i> .....	45
6.7.	<i>Eldrerådet</i> .....	45
6.8.	<i>Råd for menneske med nedsett funksjonsevne</i> .....	45
6.9.	<i>Planprosessar – effektive og demokratiske</i> .....	45
6.10.	<i>Medverknad i planar</i> .....	46
6.11.	<i>Beredskap og samfunnstryggleik</i> .....	46
6.12.	<i>Frivillig innsats</i> .....	48
6.13.	<i>Interkommunalt samarbeid</i> .....	48
6.14.	<i>Bømlo kommune som arbeidsgjevar</i> .....	49
6.15.	<i>Bømlo skal vera nynorskkommune</i> .....	49
6.16.	<i>Prinsipp om eigarskap</i> .....	49
<b>7.</b>	<b><i>Arealstrategiar</i></b> .....	<b>51</b>
7.1.	<i>Kommunesenter og lokalsenter</i> .....	51
7.1.1.	<i>Svortland og Bremnesområdet</i> .....	52
7.1.2.	<i>Finnås</i> .....	53
7.1.3.	<i>Langevåg</i> .....	54
7.1.4.	<i>Moster</i> .....	55
7.1.5.	<i>Rubbestadneset</i> .....	56
7.2.	<i>Natur</i> .....	57
7.3.	<i>Jordvern</i> .....	59
7.3.1.	<i>Svortland</i> .....	59
7.3.2.	<i>Finnås</i> .....	60
7.3.3.	<i>Langevåg</i> .....	61
7.3.4.	<i>Moster</i> .....	62
7.3.5.	<i>Rubbestadneset</i> .....	63
<b>8.</b>	<b><i>Utvalde kjelder</i></b> .....	<b>64</b>

## Forord ved ordførar

*«Ein plan for heile Bømlo, ikkje berre Bømlo kommune»*

(Kjem i endeleg framlegg)



# 1. Kommuneplanen – dit me vil



## Forankring

Regional utviklingsplan    Utfordring: Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon

Nasjonale forventningar    Kapittel 2: Samordning og samarbeid i planlegginga

## 1.1. Kven er me

*Samfunnet i dag er ikkje slik det var før, og i 2049 kjem det ikkje til å være slik det er no.*

*Men kven er det som fører samfunnet i rett retning? Kan vesle Bømlo, ein liten prikk på verdskartet, gå fram som eit eksempel på eit moderne samfunn? Eg trur, og håpar at me kan klare dette.*

*Bømlo må våge å tenkje nytt, stort og først.*

*Bømlo må våge å ta det store steget ut i framtida. Klarer me det, då trur eg me vil være ei øy full av liv og kultur der folk i alle aldrar trivest.*

*Eg er i alle fall stolt av å kunne kalle Bømlo min heim.*

Aurora Lodden, utdrag frå vinnartekst, konkurranse «#Bømlo2049»  
Bømlo-Nytt/ Bømlo Kommune, sommar 2018

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) for perioden 2019-2049 bar tittelen «#Bømlo 2049 - Ei framtid med moglegheiter». Dette utgangspunktet er ikkje endra, og går som ein raud tråd frå gjeldande til neste samfunnsdel.



Bømlo kommune skal vera effektiv, tillits- skapande og berekraftig i si drift, og yte tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane.

Kommuneplanen er eit overordna og lang- siktig styringsdokument, kor me skal ta stilling til langsiktige utfordringar og halda fast mål og strategiar for kommunesam- funnet som heilskap og som organisasjon. Det blir planlagt etter «føre var» prinsippet,

kor ein ser på førebyggjing som det samfunnsøkonomisk beste for kommunen.

«Driftig» var den soleklare vinnaren, då Bømlo kommune i 2008 spurde innbyggjarane om kva fem ord som kjenneteiknar Bømlo-samfunnet best. Det er takka vere driftige tilsette og leiarar me klarar å levera gode tenester trass endringar i samfunnet og i behova hos innbyggjarane.

Engasjerte, modige og rause tilsette ser verdien av arbeidsinnsats, og av å gjera ein forskjell, både for innbyggjarane og for Bømlo kommune som arbeidsgjevar. Dette gjer at me kan leva opp til visjonen vår om «Berekraftige Bømlo».

Slagordet vårt «driftige folk i vakker natur» passar soleis både for innbyggjarar og tilsette i Bømlo kommune. Samfunnet er i stadig endring. For å takla endring og stadig samfunnsutvikling må kommunen drivast og innrettast på ein robust og fleksibel nok måte. Dette for å tilby likeverdige tenester og dekkja innbyggjarane sine behov på best mogleg måte.

## 1.2. Om kommuneplan og samfunnsdel

Dette er kommuneplanen sin samfunnsdel, KPS 2024 – 2034 og er forankra i plan- og bygningslova (kapittel 11).

Samfunnsdelen er saman med ein planstrategi sentrale styringsdokument for heile kommunen. Her skal me ta stilling til langsiktige utfordringar og halda fast mål og strategiar for samfunnet som heilskap og Bømlo kommune som organisasjon.


Med andre ord: alt.

KPS baserer seg mellom anna på folkehelseoversikta «Bømlo i dag» frå 2023. Saman med planstrategien, økonomiplan og strategi for eigarskap utfyller desse overordna planane kvarandre og må alltid sjåast i samanheng.

Samfunnsdelen og planstrategi skal gje mandat til andre planverk. KPS dannar grunnlaget og er førande for kommuneplanen sin arealdel, KPA, kommunedelplanar, temaplanar, verksemdsplanar, økonomi- og budsjett og reguleringsplanar. Desse blir meir omtala og prioritert i planstrategien (siste vedteke september 2024).

Dei årlege kommunebudsjetta skal vera KPS sin handlingsdel.

Evaluering og måloppnåing av kommuneplanen skal framover bli rapportert på i årsmeldingar og tilsvarande.





### 1.3. Grunnleggjande prinsipp

I Bømlo ønskjer me å «Utvikla effektive, ansvarlege og opne institusjonar på alle nivå», slik FN sitt berekraftsmål 16.6 seier. All planleggjing i Bømlo skal basere seg på følgjande grunnleggjande prinsipp.

#### 1.3.1. FN sine berekraftsmål

Norge har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling.

Å styra etter plan er ein viktig del av demokratiet. Planar skal sikra alle innbyggjarane oversyn over kva som skjer, føreseieleg kvardag og syne felles strategiar for samfunnet.

Berekraft handlar om å leva og utvikla oss og samstundes gje neste generasjon minst like gode moglegheiter til det same. Alle innbyggjarane i Bømlo skal vera med på å beskytta natur, samfunn og landskap, og samstundes sørge for at lokalsamfunnet har noko å leve av.

Bømlo skal vera med på å oppfylle internasjonale og nasjonale berekraftsmål. Difor er FN sine berekraftsmål rettleiande for alt kommuneplanarbeid.

Berekraftsmåla kan delast i tre grupper for å syna kva det handlar om:

- fellesskap og å høyra til (sosiale berekraft)
- ta vare på livsgrunlaget vårt (miljømessig berekraft)
- at me har økonomien i orden (økonomisk berekraft)



#### 1.3.2. Bømlo legg til grunn tre prinsipp som skal styra planleggjinga

1. All planleggjing skal vera berekraftig med omsyn til miljø/klima, sosialt liv og økonomi
2. All planleggjing skal vera helsefremjande
3. All planleggjing skal leggja «føre var»-prinsippet til grunn

Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng og inneber mellom anna ei styrka kopling mellom samfunnsdel, arealdel og økonomiplan.


### 1.4. Satsingsområde og denne samfunnsdelen

KPS er ein overordna plan og omfattar ikkje i detalj alt ein kommune driv med. Den byggjer på lokal, regional (fylke) og nasjonal kunnskap og føringar.

### 1.4.1. Lokale kunnskapsgrunnlag

Våren 2023 blei det mest sentrale kunnskapsgrunnlaget, «Bømlo i dag» (BiD), som er ei folkehelseoversikt etter folkehelselova stilt ferdig.

Andre viktige lokale kunnskapsgrunnlag er Tilflyttarstrategien (Bømlo Næringsråd, 2023) og dei lokale tala frå UngData undersøkinga i 2024.



### 1.4.2. Regionale kunnskapsgrunnlag og planar

Vestland fylke har fleire kunnskapsgrunnlag og planar kommunane skal ta omsyn til. Regional utviklingsplan (RUP) er eit av dei som me legg til grunn og kvart kapittel viser til ei forankring i RUP.

Andre viktige regionale planar, som folkehelseoversyn Vestland, regional kulturplan, klimaplan og regional plan for attraktive senter blir nemnde ved behov.

### 1.4.3. Nasjonale kunnskapsgrunnlag og forventningar

Lovar og forskrifter gjeld til ei kvar tid. «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» (NF), som blir utarbeidd kvart fjerde år, er politiske forventningar som me synar til i byrjinga av kvart kapittel.

I tillegg finns det eit svært stort omfang av både nasjonale og regionale rapportar, undersøkingar, databasar.

Berekraftsmåla byrjar bli kjende for dei fleste. Forankring av berekraftsmåla er ein viktig del av planprosessane (NF 1.2), og me vil halda fram med dette. Dette gjer me både ved å auka kompetansen om



berekraftsmåla, og ved å konkretisera og systematisera dette arbeidet. Planprosessane gjev i seg sjølv gode moglegheiter for å forankra berekraftsmålarbeidet (NF 1.2).

#### 1.4.4. Drivarar som påverkar samfunnsutviklinga

Mykje av det som påverkar Bømlo som samfunn, har me lite styring over lokalt. Likevel må me forhalda oss til store utviklingstrekk som skjer i resten av verda, drivarar, og rusta oss for utfordringar desse fører med seg lokalt.

Sjå til dømes Perspektivmeldinga 2024 og NAV sin Omverdenanalyse 2023 – 2035.

Dette påverkar samfunnsutviklinga og endringsbehovet vårt. Dette er ikkje nye eller ukjende tema, men må i større grad takast med som grunnlag for den lokale samfunnsutviklinga.



Figur 2 Drivarar, frå presentasjon til grendautvala i medverknadsfasen

Den demografiske utviklinga, med ei stadig aldrande befolkning, er noko som gjeld i heile landet og store delar av Europa. I framtida blir det stadig færre innbyggjarar i arbeidsfør alder per pensjonist, noko som blir utfordrande både økonomisk og som ein kamp om rett kompetanse på rett stad, særleg i distriktskommunane.

Økonomisk berekraft både for den einskilde og det offentlege kan bli ei stor utfordring i Norge. Økonomien vil truleg betre seg dei neste åra. Samfunnet, både lokalt og nasjonalt må prioritera i større grad enn det som var nødvendig dei siste tiåra.

Demokrati kan me ikkje ta for gitt. Ytrings-, trus- og organisasjonsfridom er svært viktige verdiar som me må ta vare på. Den politiske omgjevningen kan endra seg raskt, noko me erfarte både med koronapandemien og krigar som no pågår. Endringar i internasjonale forhold har lokale ringverknadar.

Samfunnstryggleik og beredskap må bli styrka og aktualisert på fleire områder enn i dag.

### 1.5. Endringsbehov og revidering KPS 2024

Planstrategien frå 2021 la til grunn at samfunnsdelen skulle reviderast, med oppstart og planprogram, så snart som mogleg etter val av nytt kommunestyre i 2023.

Ved førre samfunnsdel frå 2019, blei det gjort eit omfattande medverknadsarbeid. Ved denne revideringa blei det våren 2024 gjennomført medverknadsarbeid i form av opne folkemøte som grendautvala arrangerte. Mykje av det strategiske innhaldet frå førre samfunnsdel står seg.

Sjølv om mykje har blitt realisert sidan 2019, og at ein plan alltid skal vera ferskvare, er det ein styrke at mange er samde om dei store, strategiske retningane over tid. Både «Bømlo i dag» og avsnitta over her, synar at mange av temaa går igjen frå førre samfunnsdel, men nokre tema har blitt meir aktuelle eller må bli vidareutvikla og utdjupa.

Sjå planstrategien for meir informasjon om behov for revidering av kommuneplanen sine delar.

## 1.6. Bømlo kommune som utviklar

Bømlo kommune skal både levera gode tenester, men må og i større grad bli ein samfunnsutviklar, ein samfunnsaktør som samskapar og går vidare i samarbeid med innbyggjarane og lokalsamfunnet.

«Kommune 3.0»-konseptet handlar om at ein kommune korkje berre skal vera ein formyndar som bestemmer alt ovan i frå og ned (kommune 1.0), og heller ikkje vera ein rein servicekommune der den enkelte kan få alt på bestilling (kommune 2.0). Kommune 3.0 er utviklarkommunen som samarbeider om dei beste løysingane.



Figur 3 Frå Agenda Kaupang

Bømlo ønskjer å utvikla seg vidare mot å bli ein samskapingskommune.

Samskaping blir meir sentralt dei neste åra for å gripa fatt i dei store utviklingstrekka innan tema som klima, demografi, økonomi og demokrati. Dette medfører mellom anna å sikra og styrka medverknad i fleire ulike typar planarbeid og meir samskaping mellom folkevalde, frivillige og administrasjon.

Den demografiske utviklinga framover syner fleire eldre, færre i yrkesaktiv alder og færre barn. Saman med ein meir krevjande økonomi, og rekrutteringsutfordringar vil omstilling bli naudsynt i åra som kjem. Dette vil krevja ei kontinuerleg utvikling med samarbeid, endra prioriteringar, auka førebyggjande innsats og forventningsavklaringar om tenestetilbod samt optimal drift.

## 1.7. Nokre gjennomgåande plantema

I planstrategien blir nokre gjennomgåande tema omtala og konkretisert, som ikkje er nye eller ukjende, men som framover må bli meir handsama i planverka våre generelt.

### 1.7.1. Universell utforming (UU)

«Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene, inkludert informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), slik at virksomhetens alminnelige funksjoner kan benyttes av flest mulig, uavhengig av funksjonsnedsettelse». Likestillings- og diskrimineringslova paragraf 17.

Dette handlar om å utforma omgjevnadane slik at me tek omsyn til innbyggjarane sine ulike funksjons- evner. Dette gjeld mellom anna design av offentlege bygg som skular og institusjonar, utforming og drift av gaterom, nærmiljø og generell rådgjeving. UU skal vere innarbeidd i alle relevante planverk framover.

### 1.7.2. Digitalisering

Bømlo kommune stilte ferdig ein strategi for digitalisering i 2023. Digitalisering bør implementerast i alle planar og ikkje halda fram med å vera skild ut som eit eige plantema.

### 1.7.3. Miljøretta helsevern (MHV)

Miljøretta helsevern omfattar faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa, som biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. Bømlo kommune skal ha naudsynt oversikt over dette med tanke på folkehelse og som mynde for forureining. Dette må innarbeidast betre i planarbeid framover. Sjå meir i planstrategi.

### 1.7.4. Beredskap

Beredskap skal vera tema i alle planar. Bømlo kommune har administrative planar, både overordna beredskapsplan og temaspesifikke og interne beredskapsplanar. Dette dekker beredskapsplikten me har. Sjå meir i planstrategien.

### 1.7.5. «Bu trygt heime»

«Bu trygt heime» reforma blei lansert i 2023 og handlar om å leggja til rette for eit meir aldersvennleg lokalsamfunn, meir heilskap i eldrepolitikken og betre helsehjelp for eldre i Norge.


Bømlo kommune har arbeidd lenge med dette temaet, men det må likevel bli meir tverrsektorielt og ikkje berre gjelda helse, men også i forhold til kultur, idrett, bygging av hus, lokalsamfunnsutvikling, mobilitet og offentlig infrastruktur.

## 1.8. Samfunnsplanen si tematiske inndeling

I løpet av planperioden skal kommunen innføre Framsikt AS sitt planverktøy. Det vil leggja føringar på plan-systemet vårt, men me har allereie arbeidd over tid etter liknande prinsipp (sjå figur).

Kvart kapittel i KPS illustrerer ei prioritert og tverrfagleg «grov-sortering» av hovudutfordringane eller satsingsområda:

- klimautfordringar og ta vare på natur
- økonomi og ha folk i arbeid i framtida
- å kunna bu i ein berekraftig kystkommune
- rusta oss for livet
- halda på engasjement og lokaldemokratiet



Figur 4 Prinsippillustrasjon frå Framsikt

Innanfor kvart satsingsområde ligg

ulike fagområde. For dei ulike fagområda og satsingsområda er det beskive «slik vil me ha det», og det er skissert eitt eller fleire hovudmål. Desse seier noko om «slik gjer me det».

Til kvart hovudkapittel (satsingsområde) er det knytt eit overordna berekraftsmål. Tabellen «Forankring» skal syna kvar tema i hovudkapittelet blir omtala i andre sentrale føringar som regional utviklingsplan og nasjonale forventningar.

Delmål og strategiar blir meir konkretiserte i kommunedelplanar, temaplanar og så bortetter.

Kapitelet om arealstrategiar skal syna strategiane for framtidige arealbruk i og kring kommune- og lokalsentra våre. Arealstrategiar skal ikkje vera på for detaljert nivå (tiltak), men syna retning, «slik vil me ha det» og skal liggja til grunn mellom anna for kommuneplanen sin arealdel, KPA og andre areal- og reguleringsplanar.

Samfunnsdelen skal leggja grunnlaget for berekraftig økonomi. God kopling mellom økonomiplan– og budsjett er ein føresetnad for at samfunnsdelen skal bli følgd opp i praksis og fungera som styringsverktøy for kommunen.

### Slik gjer me det:

- Alle kjenner til dei grunnleggjande prinsippa og berekraftsmåla, og det er sikra kompetanse på bruk i ulike delar av organisasjonen
- Visjon, slagord og verdiar blir lagt til grunn i kommunen sitt arbeid
- Mål i vedteken planstrategi blir følgd opp og justert i planperioden
- Me skal vera utviklingsorienterte. Planar må ha ei brei fagleg og tverrfagleg forankring framover
- Langsiktig arealstrategi blir følgd opp i kommuneplanen sin arealdel
- Økonomiplanen må vera knytt til til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS)

## 2. Ta vare på klima og naturen vår



### Forankring

«Bømlo i dag»

6: Klima og miljø

Regional utviklingsplan

Utfordring: Naturmangfald og areal. Klima og energi.

Nasjonale forventningar

Kapittel 5: Klima, natur og miljø for framtida. Kapittel 6: Samfunnstryggleik og beredskap

Verda er i ei klima- og naturkrise, og det har aldri vore viktigare å både redusera utslepp og å stoppa nedbyggjing av natur. Klimakrisa har vore kjend over tid, og det blir jobba kontinuerleg over heile verda for å nå klimamålet i Parisavtalen frå 2016.

Naturkrise er eit forholdsvis nytt omgrep, som blir sett i samanheng med FN sin Naturavtale som kom i 2022. Naturavtalen går ut på å stoppa den menneskelege øydeleggjinga av natur og restaurera allereie øydelagt natur. Arealforvaltning er heilt sentralt i dette. Her har alle, ikkje berre Bømlo kommune, eit ansvar.

Bømlo kommune er og ein stor tenesteproducent, ein eigar av bygg, anlegg og infrastruktur knytt til veg, vatn, avlaup og avfall. I tillegg er Bømlo kommune lokal mynde på forureining. Dette gjev Bømlo kommune eit stort ansvar for å byggja eit klima- og miljøvennleg samfunn gjennom å leggja føringar for samfunnsutviklinga.

For å oppnå eit klima- og miljøvennleg samfunn, skal klima- og miljøhensyn integrerast i alle ledd i Bømlo kommune si verksemd. Bømlo kommune ynskjer også å støtta andre som ynskjer å vera med på den grønne omstillinga, samt å utfordra næring og innbyggjarar til å tenkja meir klima- og miljøvennleg.

#### Slik gjer me det:

- Bømlo kommune skal jobba for å nå dei internasjonale måla i både Parisavtalen og Naturavtalen, i tillegg til nasjonale og regionale natur- og klimamål
- Bømlo kommune skal gje grønne føringar for lokalisering, utforming og utbygging av bustader, arbeidsplassar, friluftareal og lokalt vegnett, inklusiv gangvegar og sykkelvegar

### 2.1. Klima i endring

Klimaet er i endring. For å unngå for store konsekvensar er det sett eit internasjonalt mål i Parisavtalen om å halda oss under ei temperaturauke på 1,5 grader Celsius. For å klara dette må me klimaførebyggja ved å hindra utslepp av klimagassar, og ved at Bømlo kommune tek vare på naturlege karbonlager, som til dømes myr, i arealforvaltninga.



I følgje Miljødirektoratet er dei største utslippskjeldene på Bømlo knytt til sjøfart, vegtrafikk, landbruk, oppvarming og anna mobil forbrenning. Annan mobil forbrenning er diesel- og bensinforbruk i ikkje-veggåande motorreiskapar brukte i jord- og skogbruk, og bygg og anlegg. Det inkluderer også maskineri brukte av private hushald.

**Slik gjer me det:**

- Bømlo skal vera eit lågutsleppssamfunn i 2050, og har mål om å kutta sine klimautslepp med 50-55% innan 2030 og 90-95% innan 2050
- Gjennom arealforvaltninga ta vare på naturlege karbonlager, og naturtypar som dempar effekten av klimaendringar, spesielt våtmark, elvebredder og skog
- Kommunen skal som planmynde og samfunnsutviklar redusera klimautslepp på tvers av sektorar i samfunnet gjennom klimaleiing, klimakrav i offentlege anskaffingar og klimavennleg arealplanlegging
- Bømlo sitt samfunn og økosystem skal forberetrast på og tilpassast klimaendringane

### 2.1.1. Klimaførebyggjning og -tilpassing

Klimaet er allereie i endring og i tillegg til å førebyggja mot å forverra klimaendringane, må samfunnet klimatilpassast. Dette inneber å forstå konsekvensar av at klimaet endrar seg og setja i verk tiltak for å hindra eller redusera skade, og å utnytta moglegheitene endringane kan innebera.

Naturbaserte løysingar er sentrale i å førebyggja effektane av klimaendringane.

*Foto: Bømlo kommune*

**Slik gjer me det:**

- Bømlo kommune skal opparbeida ein oversikt over korleis klimaendringar påverkar Bømlo i dag, og korleis det vil påverka Bømlo i framtida

### 2.1.2. Klimarisiko

Klimaendringar og overgangen til eit nullutsleppssamfunn påverkar kommunar over heile landet. Klimarisiko handlar om korleis konsekvensar av klimaendringar (fysisk klimarisiko) og overgangen til eit samfunn i tråd med måla i Parisavtalen om å redusera utslepp av klimagassar (overgangsrisiko) påverkar natur og samfunn.

Å vera frampå med å handtera klimarisiko, både trugslar og moglegheiter, er ein fordel både for folkehelse og næring, mellom anna fordi det hjelper oss å få til ei betre klimarettferd der det ikkje blir store

**Slik gjer me det:**

- Det skal opparbeidast ein oversikt over overgangsrisikoen knytt til omstillinga til eit lågutsleppssamfunn.

ulikskapar på grunn av klimaendringane. Bømlo kommune skal vera frampå, og gjera risikovurderingar som skal sikra ein god handtering av klimarisikoen, med tilhøyrande beredskapsplanverk.

## 2.2. Tilgang til energi

Produksjon av elektrisk kraft og varme, saman med industri er den største utsleppskjelda for CO<sup>2</sup> i verda.

I Norge er berre rundt femti prosent av forbruket frå fornybar energi<sup>1</sup> og i tillegg aukar behovet for meir elektrisitet dei neste åra. I Sunnhordland er det kraftmangel på grunn av flaskehals i den elektriske infrastrukturen, noko som set ein kraftig brems i næringsutviklinga. Det har difor aldri vore viktigare å fokusera på energieffektivitet, energigjenvinning og lokal energiproduksjon.

### Slik gjer me det:

- Jobba for energieffektivitet, energigjenvinning og lokal energiproduksjon. Ha fokus på dette i arealforvaltning, byggjeprojekt og i offentlege anskaffingar
- Det bør ikkje leggjast til rette for energiretta tiltak som medfører reduksjon av karbonrike areal, og øydelegging og fragmentering av viktig eller urørt natur i Bømlo kommune si planlegging
- Utnytta potensiale for meir lokal kraftproduksjon, gjera det enkelt for småskalaproduksjon, både i offentlig og privat regi
- Energiretta tiltak skal vera i tråd med FN sin Naturavtale, FNs parisavtale, og kommunen sine klima- og naturmål
- Kartleggja naturverdiar før det blir sett av større areal til landbasert kraftproduksjon
- Elektrifisera hamneanlegg og annan infrastruktur for maritim sektor, og gjera dei utsleppsfrie innan 2040

## 2.3. Naturforvaltning

Det største trugsmålet mot naturmangfaldet er arealinngrep og -bruksendringar, forureining og klimaendringar. Bømlo skal jobba for å kartleggja, bevare og tilpassa oss naturen i mykje større grad enn før.

Det er kartlagt og verdifastsett 38 områder med naturtypar som er vurdert som svært viktige såkalla A-område. Kystlyngheia med klokkelyng / purpurlyng som veks på Bømlo, som ein av få plassar i verda, må vernast og bevarast mot nedbygging. Det same gjeld for områder med fagerrogn og kystregnskog.

Bømlo kommune treng meir kunnskap om kystvatnet og vassdraga våre, og korleis me kan ta vare på dette gjennom arealforvaltninga.




*Klokkelyng. Foto: Geir Einarsen/Bømlo kommune*

<sup>1</sup> Norsk klimastiftelse, 2023

Det er eit auka fokus på arealnøytralitet, kor det skal prioriterast å rehabilitera, fortetta eller ombruka allerede utbygde areal først. Nye utbyggjingar skal skje i tilknytning til eksisterande byggeområde og infrastruktur, og skal tilpassast etter type bygningar, landskap og terreng.

Fritidsbustadar skal ikkje byggast i viktige natur- og friluftsområde. Bømlo skal ha fokus på å finna utbygde område som potensielt kan bli tilbakeført til natur.

Parkering skal ikkje byggast i urørt natur, og skal helst integrerast i bygningsmassar. I sentrale område skal det prioriterast innebygd parkering eller fleirfunksjonell parkering, med t.d. overbygg som har grønt- eller rekreasjonsområde.



Figur 5 Kartet er eit godt grunnlag for setting av ei langvarig byggegrens mot natur på land. Grøn viser til natur minimum 250m frå busetnad. Raudt synar busetnad med ein buffer på 250m (kjelde; QGIS)

**Slik gjer me det:**

- Bømlo skal ha fokus på å bevare natur i alle ledd i sin arealforvaltning. 30% av natur på land på Bømlo skal bli verna innan 2030. 30% av hav, innsjø og elver skal vernast eller bevarast.
- Kommunen skal ha mål om å vera mest mogleg arealnøytral. Ha høg arealutnytting for å minimera inngrep i natur.





## 2.4. Vassforvaltning og forureining

Reint og nok vatn er eit vilkår for liv i naturen. Bømlo har tilgang på mange innsjøar, bekkar, kystvatn og elvar. Mykje er reint, men det er likevel nokre stader der menneskelege inngrep har negativ påverknad på vasskvalitet. Dei største påverknadane til dårleg vasskvalitet kjem frå fysiske inngrep i vassdraga, sur nedbør, landbruk og avløp. På Bømlo er avløp den største påverknaden til dårlegare vasskvalitet.

I tråd med EU sitt vassdirektiv skal Bømlo planleggja på ein måte som bidreg til å sikra naturverdiar og god miljøtilstand i vatn. Dette vil seia at ein skal unngå å planleggja byggjetiltak for nær vatn, i våtmark og på myr når det finst andre alternativ.

Bømlo kommune skal unngå tiltak som kan medføra forureining, og skal jobba aktivt etter miljømåla i EU sitt vassdirektiv og krava i EU sitt avløpsdirektiv. For å nå miljømåla i EU sitt vassdirektiv må Bømlo redusera eksisterande og framtidig forureining til vassførekomstar. Dette inkluderar særleg utslepp knytt til avløp, som er den største forureiningskjelda på Bømlo.

Naturbaserte løysingar skal brukast ved utbyggjingar som påverkar vassdrag, og røyrleggjing av bekkar skal hovudsakleg unngåast. Bømlo har fleire førekomstar av sjøaure og ål i vassdrag, noko som må takast omsyn til i forvaltinga av desse.

I planleggjing skal det vera auka fokus på nedslagsfelt der det er planlagd utbyggjing, for å sikra gode overvasshandteringar og samanhengande planleggjing.

### Slik gjer me det:

- Me skal redusera eksisterande og framtidig forureining i alle vassførekomstar, då spesielt forureining frå avløp
- Bømlo skal oppnå god miljøtilstand i sine vassførekomstar innan 2027
- Gjennom arealplanlegginga setja restriksjonar på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøar, fjordar og sjøområda, under dette vassmiljø



Finnøsvätnet – frostmorgon. Foto: Geir Elmarsen / Bømlo-kommune



## 3. Økonomi, verdiskaping og arbeid



### Forankring

«Bømlo i dag»

Kapittel 5: Inkludering og deltaking.

Kapittel 7: Overordna samfunnsøkonomiske vurderingar

Regional utviklingsplan

Utfordring: Verdiskaping og kompetanse. Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon

Nasjonale forventningar

Kapittel 4: Velferd og berekraftig verdiskaping

Dei siste åra har vist at økonomien er sårbar for mellom anna store endringar i rentenivå, i pris på straum og varer og tenester, og i tilgang på kvalifisert arbeidskraft, som er kostbare å erstatta. Økonomisk berekraft og balanse vil krevja at drift og planverk blir innretta på ein robust nok måte til å handtera endringar i samfunnet.

Ei utfordring som har vore og som me truleg i større grad må ta høgde for i åra som kjem, er at samfunnet vil oppleve plutselige endringar som kan få store innverknader på kommuneøkonomien.

Kommuneøkonomien er tett knytt opp til tilstanden i folkehelsa. Det er mykje god samfunnsøkonomi å førebyggja og halda befolkninga friske, både fysisk og mentalt.

Kommuneøkonomien er og tett knytt til næringslivet og næringsaktiviteten i Bømlo kommune. Høg aktivitet og sysselsetting i næringslivet bidrar til både verdiskaping og til rekruttering av arbeidskraft til det offentlege. Ofte vil ein jobbsøklar ha med seg ein partner med kompetanse som kan vera interessant og nødvendig hos andre arbeidsgjevarar i regionen. Konkurransen om arbeidskrafta, og særleg den kvalifiserte arbeidskrafta, vil bli auka i åra som kjem.

### Slik gjer me det:

- Økonomien i samfunnet må vera berekraftig. Saman må me gjera oss økonomisk robuste mot svingingar.

### 3.1. Berekraftig kommuneøkonomi

Bømlo kommune skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevna bli ivaretatt over tid. Dei årlege budsjett- og økonomiplanane skal vera realistiske og i balanse. Å ha økonomisk berekraft må vera eit klart mål. Bømlo kommune har vesentlege økonomiske utfordringar som må løysast i perioden for å sikra framtidig utvikling og forsvarleg og god tenesteproduksjon for alle innbyggjarane våre.

For å oppnå ein berekraftig kommuneøkonomi må me få balanse i både investering og drift. Dei planlagde investeringane må tilpassast eit rentenivå som truleg vil vera høgare enn det som har vore tilfellet dei siste åra. Drifta må tilpassast ein økonomi og ein tilgang på ressursar og kompetanse som vil vera annleis enn det som har vore.

Strukturelle tiltak har oftast konsekvensar og vil merkast for både innbyggjarar og tilsette. Like fullt blir vår jobb å sikra at me framleis gir både gode og forsvarlege tenester. All omstilling skal vera at tenester samla sett både vert styrka og meir berekraftige for å møte tida som kjem.

**Slik gjer me det:**

- Investeringane i Bømlo kommune må tilpassast eit rentenivå som er høgare enn dei siste åra, og drifta må tilpassast dei økonomiske rammene.
- Fokus på folkehelse og samhandling er med på å skapa økonomisk berekraft.

### 3.2. Tilgang til arbeidskraft og kompetanse

Tilgangen på arbeidskraft blir ei av dei største utfordringane for Bømlo. Kommunen må ta høgde for at omsorgsoppgåvene blir fleire, men me blir ikkje fleire i yrkesaktiv alder til å utføra dei. Etterspurnadane etter arbeidstakarar med høg kompetanse vil auka mens jobbar som krev låg/middels kompetanse vil bli mindre (NAV Omverdenanalyse).

Det grønne skifte vil halda fram og både skapa og endra måten me arbeidar på. Det siste vil særleg gjelda innan petroleumsrelaterte næringar, som sysselsett mange i Bømlo. Førebels vil dei petroleumsretta næringane halde seg sterkt, men gradvis bli mindre (Perspektivmeldinga). Saman med auka etterspurnad etter arbeidskraft i helse- og omsorgstenestene fram mot 2060, kjem dette til å gje behov for store omstillingar dei neste tiåra, også lokalt og regionalt.

Me treng arbeidskraft med rett kompetanse på rett stad. Det gjeld både for det offentlege og det private næringslivet.

Arbeidsløysa vil halda seg låg dei neste åra, men det kan i periodar vera høgare arbeidsløysa i utvalde sektorar. Det vil generelt bli meir krevjande å rekruttera folk i åra som kjem, særleg innan helse, opplæring og yrker som krev fagbrev.

Samstundes har me ein stor ressurs i dei eldre. Fleire pensjonistar er sprekare og meir aktive enn tidlegare generasjonar. Pensjonsalderen vil kanskje endra seg til å bli litt høgare på litt lengre sikt, men me ønskjer at alle som kan er i arbeid lengst mogleg.

**Slik gjer me det:**

- Me må samarbeida med utdanningsinstitusjonar og næringsliv for sikra rett og god kompetanse.
- Bømlo skal vera ein attraktiv kommune for å tiltrekka seg kompetanse og nok arbeidskraft

### 3.3. Tilflytting og heimflytting

Tilflytting og inkludering er to sider av same sak, og omdømet vårt er viktig med tanke på å rekruttera tilflyttarar og potensielle arbeidstakarar og næringsetablering. Me treng at fleire flyttar til Bømlo. Dette vil me konkurrera med svært mange andre kommunar om. Me må appellera til ulike grupper av moglege tilflyttarar. Dei som tek ei akademisk utdanning flyttar ofte vekk for å studera og kjem sjeldan tilbake. Desse ønskjer me oss tilbake som heimflyttarar. Me må og få dei som har vore her i midlertidig arbeid, til å bli.

Det er heller ikkje nok at alle dei som er oppvaksne her, blir her, me må og lokka til oss dei som aldri har vore på Bømlo før. Flyktningar vel ikkje i utgangspunkt sjølv at dei skal koma til Bømlo, men me vil at alle som får opphaldsløyve vil ønskja å bu og jobba her.

## Personas



### Korleis bør ein starte å prioritere i satsinga på å nå ut til dei ulike målgruppene?

Det vil vere viktig å arbeide aktivt med alle anbefalte innsatsområde framover for å skape auka interesse for tilflytting til Bømlo. Ein kan òg studere nærare dei einskilde målgruppene sine behov, der ein får ein oversikt over kva som skal til for at den aktuelle målgruppa vil vurdere flytting og bli verande på Bømlo. Under er det gitt eit frampeik på kvar ein kan starte, og kven som kan vere enklast å nå ut frå situasjonen i dag. Det er òg viktig å vere bevisst på at nokre av målgruppene som er vanskelegare å nå, kan vere avgjerande å nå fordi dei kan vere ressursar for å nå andre grupper att. Difor bør ein arbeide med alle målgruppene parallelt.



Sindre og Andrea høyrer til den unge målgruppa som flyttar til byane/bur i byane. Desse målgruppene har ein del krav som ikkje er tilfredsstillt på Bømlo i dag. Her kan det difor vere aktuelt som strategi å finne nokre representantar for Sindre og Andrea, som kan fungere som "bjellesauer" for å tiltrekke seg fleire.



Trine, Ingrid og Martin som tilhøyrer målgruppe 3, 5 og 7, er definert med minst krav til å flytte i høve til situasjonen i dag, samanlikna med dei andre målgruppene. Difor kan desse vere særleg aktuelle å starte med å tiltrekke seg.



Ariana og Ivan si målgruppe finst, og vil komme fleire av til Bømlo framover. Krav i forhold til situasjonen i dag er heller ikkje så høge, men her er det avgjerande å leggje tilhøva til rette, slik at dei blir.



Pier m/familien finst det ikkje mange av som målgruppe, men framover kan denne målgruppa auke, særleg med tanke på klimaendringar i Europa og verda elles. Her vil det vere avgjerande å vere ein god tilretteleggjar for målgruppa, slik at dei blir verande og får realisert draumar dei har.



Pernille si målgruppe har mange av behova ho leitar etter oppfylt på Bømlo i dag, men forskning peikar på at ho er vanskeleg tilflyttar å få tak i, fordi familien er etablert ein annan stad. Pernille kan òg nåast seinare, med færre krav, når Pernille sine born flyttar ut, og Pernille er 45-50 år.

32

Figur 7 Illustrasjon (TS/BN): Bømlo må tiltrekke seg ulike personar i framtida

Bømlo vert i dag opplevd som ein trygg og attraktiv stad å veksa opp. Samstundes peikar «Bømlounder-søkinga» på, saman med erfaringar frå kommunen sitt folkehelsearbeid, at det ikkje er like lett å bli inkludert som nytilflytta. Dette varierer også noko i dei ulike lokalsentra. Det må difor gjerast ein brei innsats for å sikra at dei som vel å flytta hit, blir verande. Her spelar frivilligheita ei svært viktig rolle.

**Slik gjer me det:**

- Gjera kommunen attraktiv for unge i etableringsfasen og for arbeidstakarar frå mange land, både i og utanfor EU/EØS.

### 3.4. Næringsliv

Næringslivet i Bømlo har ein styrke i å ha fleire bein å stå på. Det er innovativt og leiande på fleire felt, noko me ønskjer å halda fram med. Som kommune er det viktigaste me kan gjera for næringslivet, å sørgja for å ha gode nærmiljø som fremjar bulyst (kulturtilbod, tilgang på natur, helsefremjande nærmiljø), ha høg kvalitet på infrastruktur og ha oppdaterte planar. Med desse tre grepa har me gjort mykje for å oppretthalda verdiskapinga.

I Bømlo har me dei tradisjonelle «gründerane» som me må halda på. Dette gjeld i industrien og tekniske yrker, men me ønskjer og å leggja til rette for meir verdiskaping i kultursektor og kreative yrker.

Gründerskap må vera ein del av opplæring og oppvekst. For å få dette til må me halda fram med det gode samarbeidet mellom skule og næringsliv.

Utfordringar som vil gjera seg gjeldande for næringslivet vårt vil vera tilgang på elektrisk kraft, berekraftig havbruk, offentleg vedlikehald av infrastruktur som vegar og bruer, og krev tilgang til areal på land og sjø.

**Slik gjer me det:**

- Næringspolitikk: gode nærmiljø (kulturtilbod, tilgang på natur, helsefremjande nærmiljø), høg kvalitet på infrastruktur og oppdaterte planar
- Fremja entreprenørskap, kreativitet og innovasjon hos barn og unge. Samarbeida om gründerskaping gjennom Atheno
- Tilgang til gode lokale for kreative yrker, gründerar og fleksibelt arbeidsliv må bli integrert i planlegginga av kommune- og lokalsentra
- Næringsareal må sjåast i regional samanheng

### 3.5. Kjønns-gap

Me vil redusera «kjønns-gapet» i yrkeslivet. I «Bømloundersøkinga»<sup>2</sup> jobba 55% av kvinnene som svara at dei jobba innan undervisning eller helse og omsorg. Av menn som svara, jobba 71% innan fiske og oppdrett, industri, bygg (anlegg eller olje/gass). I tillegg er mange kvinner i deltidsarbeid, som har konsekvensar for den langsiktige privatøkonomien, som til dømes pensjon.

For å utjamna høge kjønnsforskjellar i arbeidslivet må me kunne ha jobb til to. Samstundes må me aktivt bevisstgjera våre eigne ungdommar i 13-18-års alderen kva moglegheiter me har i Bømlo, både med tanke på yrkesutdanning og høgare utdanning.

**Slik gjer me det:**

- Sikra eit variert arbeidsmarknad og leggja til rette for fleksible måtar å arbeida på.

### 3.6. Havnæringar og akvakultur

All næringsverksemd på Bømlo skal vera berekraftig. Kysten kjem til å bli stadig meir verdifull og ettertrakta for næringslivet dei neste åra.

Bømlo vil vera positive til å gje marine og maritime næringar gode vilkår hos oss sidan kysten vår er eit naturgitt fortrinn for dei. Det er viktig for dei som eksportnæringar.

Havbaserte næringar er i rask utvikling, med eit stort arealbehov som og får konsekvensar på land. Det gjeld til dømes havbruk eller havbasert vindkraft. Nasjonale målsetjingar om auka verdiar i sjømatproduksjon må skje innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

<sup>2</sup> Bømlo næringsråd: Bømlo tilflyttarstrategi, 2023

Avgrensa tilgang på ferskvatn og kraft vil gjera det meir utfordrande å finna nye, eigna areal for akvakultur på land. Arealforvaltninga er ein balanse mellom desse interessene og resten av lokalsamfunnet sine, som villfisk, naturmangfald og friluftsiinteresser.

Marine næringar er, som landbruk, sårbare for klimaendringar. Det gjeld til dømes med tanke på nye artar i sjøområda våre, nye sjukdomar, bestandendringar, sesongendringar og havnivåstigning som medfører endra tekniske krav til infrastruktur på land.

Med ny teknologi vil havbruk på fleire og nye arter bli aktuelt i framtida. Dette vil me vera positive til innanfor grønne rammer.

Villfisk er ein fornybar, men også ein mobil og noko uføreseieleg ressurs. Mange fiskeartar lev heile livet i kystområda, og nyttar store område av kysten til gyte-, oppvekst- og beiteområde. I tillegg har me reketrålefeldt.

**Slik gjer me det:**

- Auka kunnskapen om forvaltning av kystvatn og vassdrag
- Berekraftig utvikling av havbruk
- Sikra særleg sårbare områder i kommuneplanen sin arealdel (KPA)

### 3.7. Destinasjonsutvikling

For å ha sosialt berekraftige nærmiljø er det viktig at det reiselivsbaserte næringslivet klarer å generera heilårsaktivitetar, slik at me ikkje blir ein «vinterlukka» reisedestinasjon.

Det blir stadig mindre urørd og ubygd natur som dermed blir verdifullt og kan bli grunnlag for naturbasert reiseliv framover, noko som gjeld Bømlo og. Reiseliv er den tredje største eksportnæringa i Norge og er blant næringane som veks raskast i verda, og Bømlo har eit stort potensiale her.

Som berekraftig destinasjon skal ein vera med på å sikra den historiske og kulturelle arven, samstundes med at ein står opp om lokalsamfunnet og naturen.

Med næringsareal til sjø vil me òg inkludera reiselivsnæring i tillegg til fiske og industri.

Arbeid med destinasjonsutvikling bør bli styrka på etablerte reiselivsdestinasjonar, og i lokal- og kommunesenter.

Visit Sunnhordland har kompetanse på å løfta fram Bømlo og regionen vår som destinasjon på ein god måte, og me vil halda fram med dette interkommunale samarbeidet.

UNESCO status for Geopark Sunnhordland er svært attraktivt og gjev oss status, ansvar og moglegheiter.

Potensialet ligg mellom anna i å kunna samla ulike aktørar innan kultur- og næringsliv. Geoparkarbeidet gjev moglegheiter til identitetsskapande utvikling i tråd med FN sine berekraftsmål og Den europeiske landskapskonvensjonen.

Her kan me kombinera både verneomsyn og satsingar til det beste for innbyggjarar og næringsliv.



**Slik gjer me det:**

- Ta vare på uberørt natur som verdifullt grunnlag for naturbasert reiseliv.
- Utnytta potensialet i Geoparken sin UNESCO-status.

### 3.8. Landbruk

Landbruksdrifta og levande grender er ein del av historia vår. På Bømlo er prosentandelen av matjord liten, og ressursen er dermed svært sårbar for inngrep. For å leggja til rette for vidare utvikling og vonleg vekst i den lokale jord- og landbruksnæringa, er det viktig at det vert teke vare på både dagens dyrka og dyrkbar mark, slik at denne kan nyttast til matproduksjon i framtida.

Det same er kulturlandskapet og kystlyngheimråda våre. Lokal matproduksjon, i liten og stor skala, er positivt både med tanke på klima og beredskap. Det vil vera viktig å ta vare på det tradisjonelle landbruket og kulturlandskapet i framtida.

Bømlo kommune skal støtta opp om måla i den fylkeskommunale temaplanen for landbruk. Auka løn-semd, rekruttering og kompetanse og å ta høgde for endringsdrivarar i landbruket er viktig for Bømlo også.

I tillegg bør ein leggja til rette for drift og utvikling av tilleggsnæringar på mindre gardsbruk. Dette kan vera attraktivt for tilflyttarar, og då kanskje særleg dei som ikkje har tilknytning til kommunen frå før.



Foto: Geir Einarsen / Bømlo kommune

Me skal vera opne for nye former for drift. Matproduksjon i liten skala vil bli meir utbreidd i dei neste åra. Såkalla «urbant landbruk» kan vera alt frå små tiltak som takhagar, bikubar, kolonihagar og pallekarmar, til store nye dyrkingsformer som vertikaldyrking i gamle lagerbygningar og konteinrar. Slike nye produksjonsformer bør me ta høgde for i utviklinga av lokalsentra og nye bustadområde.

**Slik gjer me det:**

- Bømlo kommune skal overhalda det nasjonale jordvernmålet om omdisponering av dyrka jord, og skal ikkje overstiga sin kvote frå fylket som pr. i dag er på 4 dekar i året
- Synleggjera kjerneområde for landbruk
- Vurdera omsynssone for landbruk
- Forvalta LNF-områda strategisk
- Bønder skal driva i tråd med driveplikta
- Nytt SMIL-midlar til rydding av nye beite, opna landskap

### 3.8.1. Jordvern og myr

Matjord og myr er viktig av fleire årsaker, mellom anna beredskap og flaumvern. Me skal hindra nedbyggjing av karbonrike areal som myr. Me ynskjer ikkje å redusera meir jordbruksjord og beitemark. Det er ofte slike areal som blir teke ved utbyggjing av bustadar, infrastruktur og så bortetter.

Me må ta i bruk moglegheitene til fortetting, gjenbruk og transformasjon av alt utbygde areal, før jordbruksareal, viktige natur- og friluftslivsareal og karbonrike areal som myr, skog og annan næringsrik jord blir omdisponerte. Me skal følgja opp den nasjonale jordvernstrategien frå 2023, og Bømlo skal vera ein føregangskommune når det gjeld vern av dyrka mark.


I arealstrategiane i KPS og vidare i revideringane av kommuneplanen sin arealdel skal jord- og myrvern bli tydeleg prioritert. Når arealdelen blir revidert må ein gå gjennom og revurdera områder for utbyggjing som ligg på matjord, myr og andre område med viktige kultur- og/eller naturverdiar.

Me ønskjer å leggja til rette for at utvikling i bygdene og generasjonsskifte i jordbruket, slik at ein sikrar grunnlaget for framleis busetjing og jordbruksproduksjon.

Eit arealrekneskap vil og vera eit viktig kunnskapsgrunnlag for jordvernsarbeidet.

#### Slik gjer me det:

- Jord- og myrvern som føringar i arealstrategiane i samfunnsdelen
- Innføra arealrekneskap
- KPA: revurdera områder for utbyggjing som ligg på matjord, myr og andre område med viktige kultur- og/eller naturverdiar
- Vektleggja jord- og myrvern i framtidige arealsaker (KPA, reguleringar etc)
- Vidare planvask av KPA m.a. med omsyn på naturverdiar



Figur 8 Illustrasjon som viser landbruksjord i oransje og gult, og myr i blått i AR50-format. Kjelde; QGIS.



### 3.8.2. Kulturlandskap

Kystlandskapet vårt er verdifullt og viktig på fleire måtar, både med tanke på næring (dyrehald, destinasjonsutvikling) og beredskap. Bømlo har store samanhengande område med lynghei og det er viktig å ta vare på mest mogleg av lyngheimråda. Beiting med husdyr er med på å halde kulturlandskapet ved like og hindrar attgroing.

Med tanke på klimaendringar som meir tørke kan beiteområde til dømes hindra spreieing av brann. Det er altså viktig at me held kulturlandskapet ved like.

Særpreg, kulturmiljø og viktige landskapstrekk ved stadene våre skal bli lagt meir vekt på i stadutviklinga.

## 3.9. Mineral og masseforvaltning

Bømlo har lenge nytt godt av mineralressursane sine og me skal halda fram med å forvalta desse berekraftig for framtidige generasjonar. I dag er det hovudsakleg sand, grus, pukk samt skjelsand som er drivverdige og som blir nytta regionalt. Det er også område med svovelkis og gull der me skal vere aktsame med tanke på opningar og tunellar. Me bør difor unngå å bandleggja registrerte mineralressursar gjennom arealbruk slik at førekomstane blir bygd ned, eller som legg andre avgrensingar for framtidig utnytting.

Overskotsmassar og kvalitetsmassar skal bli nytta som ein del av omstillinga til sirkulærøkonomien og bør brukast om att til nyttige føremål som byggjing, og ikkje deponerast permanent eller bli dumpa i sjø. Masse frå utbyggjingar skal først og fremst planleggjast slik at det fører til reduksjon av mengda med overskotsmasse. Det er behov for meir kunnskap om berekraftig masseforvaltning i kommunen.



Gullgruveområdet på Lykling. Foto: Geir Einarsen / Bømlo kommune

## 4. Leva i kystkommunen



### Forankring

«Bømlo i dag»	Kapittel 2: Demografi. Kapittel 3 bustadstruktur og geografi
Regional utviklingsplan	Utfordring: Regional, by – og bygdeutvikling
Nasjonale forventningar	Kapittel 3: trygge og inkluderande lokalsamfunn

Eit av dei viktigaste temaa framover blir å skapa det generasjonsvenlege samfunnet. Me må planleggja for at det blir ein stadig høgare del eldre i kommunen vår framover. Det føreset god planleggjing av dei fysiske omgjevnadane våre til dømes areal- og reguleringsplanar, vegar og infrastruktur, gaterom og arkitektur. Alt dette påverkar sosialt liv, trivsel og kjensla av tryggleik og tilhøyrse.

Eit av våre unike fortrinn er kystlandskapet i kombinasjon med kultur- og industrihistoria.

Kystsona vår skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Me ønskjer at Bømlo skal trekkja seg lenger ned mot sjøen kor friluftsliv, bustadar og næring blir prioritert.



Langevåg. Foto: Bømlo kommune / Geir Einarsen

### 4.1. Infrastruktur - veg og samband

Høg kvalitet på infrastruktur som veg og samferdselssamband er grunnleggjande, både for tryggleik, sosialt liv og verdiskaping.

Fylkesvegar og fylkessamband som dei viktigaste ferdelsårane våre, bind kommunen saman innad og ut mot omverda. Vegnettet har blitt markant betre dei siste åra gjennom Bømlopakken. I åra som kjem, blir det neppe større investeringar i vegsambandet vårt. Difor vil me at vegeigar prioriterer vedlikehald. Me ønskjer at fylkeskommunen som vegeigar og prioritere vedlikehald av bruer og sikra høg kvalitet på båt- og ferjesambanda.

Kvaliteten på E39 og ferje- og båtsambanda i regionen påverkar oss. Når Rogfast-sambandet er klart vil dette sannsynlegvis dra reisevanane våre noko meir mot sør. Stavanger og Nord-Jæren blir meir tilgjengeleg. På same vis ønskjer me eit sterkt samband nordover mot Bergensregionen. Realiseringa av Hordfast skjer ikkje dei første åra, men me støttar opp om arbeidet.

Også på dette feltet gjeld prinsippet om ombruk før utbyggjing av nye område.

Bømlo skal halda fram med å vera «Trafikksikker kommune» og ha ein nullvisjon for drepne og skadde i trafikken. Som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgjevar, og kjøpar av transporttenester har me

eit ansvar for å førebyggja ulukker. Trafikktryggleiksarbeidet skal vera ein brei og samla innsats der alle sektorar tek ansvar for å førebyggja og redusera trafikkulykker.

**Slik gjer me det:**

- Areal som blir sett av til dømes næring- og bustadar må vera realistiske å realisera
- Samordna bustad-, areal- og transportpolitikken
- Halda fram med oppdatert trafikktryggingsplan og søkja tilskot til tiltak
- Skular og grendautval må vera systematisk med i trafikktryggleiksarbeidet
- Prioritera trygge skuleveggar

## 4.2. Kommunesenter og lokalsentra – der kvardagen kan «gå opp»

Å kjenna på at ein kjem frå ein god stad og kjenner ein lokalidentitet, er eit godt grunnlag for livsmeistring. På Bømlo har me definert kommunesenteret vårt, Svortland, og fire lokalsentra: Finnås, Langevåg, Moster og Rubbestadneset.

Kommunesenteret, lokalsentra og alle bygdene kring desse heng saman og i fellesskap gjer dei heile Bømlo god. Dei utfyller kvarandre og *summen* av dei gjer oss til Bømlo og bømlingar.

Lokalsentra sine unike historiske, kulturelle og naturbaserte kvalitetar er eit fundament for nærmiljøa sjølve og ei heilskapleg utvikling av heile Bømlo. Innbyggjarane i lokalsentra og bygdene omkring, skal kunne skapa si eiga stadkjensle og lokalsentra med eigen identitet.

Kommunesenteret og lokalsentra har, og bør ha, ulike roller.

I alle sentra vil me sjå på meir sambruk av areal og «utradisjonell» funksjonsblanding», til dømes ved at institusjonar blir lagde der dei fleste ferdast, for å få til møtepunkt på tvers av generasjonar og funksjonar.

**Slik gjer me det:**

- Definera ein tydeleg sentrumskerne i Svortland sentrum. Dette bør skje gjennom ein eigen, ny kommunedelplan. Tydelege avgrensing av sentrumskerne kring Kulturhuset basert på gangavstand
- Omdisponera areal, til dømes parkering til sentrumsføremål og møteplassar
- Eksisterande område og infrastruktur skal alltid bli vurdert før ein tek i bruk nytt
- For å utnytta eksisterande infrastruktur og utbygd areal best mogleg, må ny konsentrert bustadbygging (bustadfelt) skje kring lokalsentra, der sentrumskjerna er innanfor rekkevidda av sykkel- og gonge
- Sambruk: til dømes må skulebygg vera fleksible og bli nytta til ulike føremål i og for lokalsamfunnet
- Leggja til grunn og samarbeida om regional plan (fylket) for attraktive sentra og tilsvarande framtidige planar
- Laga ein handelsanalyse (inkludert mobilitet og bustad) for kommunen, eller interkommunalt med t.d. Stord
- Sentrumsområda i lokalsentra kan ha både offentleg og privat tenesteyting, næringsareal og detaljhandel. Arealet må utnyttast godt og ha høgare utnytingsgrad enn elles
- Utomhusplan (retteleiar frå «Aldersvennlig Norge»)
- Bygg skal ha aktive, opne fasadar i fyrste etasje mot miljøgate eller der andre aktivitetar skjer, som til dømes park, leikeareal, plassar, skule, institusjonar eller torg
- Den arkitektoniske og utforminga av uteromma skal vera stadstilpassa og framheva lokale, kulturhistoriske verdiar



#### 4.2.1. Kommunesenteret

Eit sterkt kommunesentrum, Svortland, er nødvendig for alle bømlingar og avgjerande for at me kan halda fram med å vera ein sjølvstendig kommune i framtida. Kommunesenteret er ikkje berre eit lokalsenter for den delen av øya, men heile kommunen sitt senter. Difor har kommunesenteret sentrale og «tunge» tenester som til dømes symjehall, hovudbrannstasjon og kommuneadministrasjon.

Det er mange som ønskjer å flytta til kommunesenteret, men skal dette skje på ein berekraftig måte, krev det aktiv planlegging frå det offentlege i samarbeid med næringslivet. Det gjeld både bustadar, handel, kulturtilbod og ulike tenester.

Ei utfordring framover er å definera ein avgrensa sentrumskerne og lokalisera detaljhandel og fleire møteplassar her. Me må få på plass fleire sentrums-kvalitetar og nytta areal på andre måtar enn i dag.

#### 4.2.2. Lokalsentra

Gode og attraktive lokalsentra rundt i kommun er nødvendig for at Bømlo skal fungera som heilskap. Dei fire lokalsentra er «nav» for alle bygdene omkring.

Nokre sentrale tenester og verksemdar bør alltid liggja i eit kommunesenter, men nokre tenester og verksemdar kan bli lokalisert andre stader i kommunen, særleg om ein kan utnytta lokale særpreg ein ikkje finn andre stader.

Lokalsentra må ha lokalhandel for sin del av kommunen, ha eit definert sentrumsområde for konsentrert busetnad som er generasjonsvenleg, kulturliv, møteplassar og grøntområde. Ute i bygdene ønskjer me til dømes handel i form av gardsutsal, galleri, landhandel og liknande.

Å skapa attraktive tilbod og å ivareta og utvikla tenestetilbodet i lokalsentra er ei oppgåve som må skje i samskaping mellom Bømlo kommune, frivillige organisasjonar, innbyggjarar og privat næringsliv. Planlegging av universell utforming og heilårsbruk av lokalsentra vert her eit viktig tema.



Figur 9 Kommune- og delsentra

Det er areal og bygg ledige som må bli tekne i bruk til alt i frå tenester, arbeidsplassar og sosiale aktivitetar. Ei slik satsing på lokalsentra vil vera eit svært viktig klimatiltak, ikkje berre av omsyn til natur, men og med tanke på mobilitet og det å kunna reisa kollektivt. Dette er viktig for både barn, unge og eldre.

Lokalsentra er viktige «nav» eller fundament for det generasjonsvenlege samfunn slik at ein kan bu lengst mogleg i sitt nærmiljø. Målet er at flest mogleg skal leva eit aktivt liv og halda seg friske, slik at dei kan bu i eigen bustad lengst mogleg. Samtidig må det kommunale tenestetilbodet leggja til rette for at dei som treng det også får hjelp i heimen.

### 4.2.3. Sentrumsområde i kommune- og lokalsentra

I alle sentrumsområda ønskjer me funksjonsblanding av mellom anna bustadar, handel og tenester. Det er her ein har moglegheit til å etablera arbeidsplassintensive verksemder, mobilitetsknutepunkt, aktivitetar retta mot publikum, offentlege og private tenester og opne arenaer for fritids- og kulturaktivitetar. Difor er det her me og ønskjer ny, konsentrert bustadbygging med høg utnytting av areal. Slik kan me sikra både meir sosial, miljømessig og økonomisk berekraft i kommunen.

Eit stikkord er å gjera sentrumsområda trivelegare, trygge med fleire sosiale møteplassar for alle. Difor må me utvikla desse med sine lokale særpreg og konsentrera med sentrumsqualiteter. Sentrumsområda i kommune- og lokalsentra må bli utvikla spesielt med omsyn på gang- og sykkelavstandar. Gjennom ei slik planleggjing kan me og oppnå målet om at 80% av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykla til skulen<sup>3</sup>. Dette er sentralt i utviklinga av eit helsefremjande og generasjonsvenlege samfunn.

Dei kringliggjande områda med matjord, viktig urørt natur og myr må bli verna mot nedbygging. Dette skal vektleggjast sterkare i arealstrategiane og arealplanar. Fremjar me dette vil det fremja folkehelsa og vera fortrinn i konkurransen om tilflyttarar og kompetanse.

Kulturminne, bygningsmiljø og friluftsområde skal vera integrerte i sentrumsplanleggjing. Dette kan gje verdiskaping med ringverknadar ut over kommunen sine grenser. Me ynskjer større fokus på bruk av grøne tak i sentrale områder.

## 4.3. Bustadpolitikk

Om lokalsentra skal fungera som møteplassar for alle generasjonar er det viktig å ha bustadar som er attraktive og tilpassa alle livssituasjonar. Ein utviklarkommune må ha ein aktiv bustadpolitikk, med god planleggjing av nærmiljøa. Det vil gjera oss meir attraktive for tilflytting og verdiskaping. Bebuarane og grendautvala må involverast, og me ønskjer bustadområde med sosiale og innovative løysingar.

Det skal vera eit samsvar mellom areal som blir lagt ut for bustadar og befolkningsprognosane. Ein ubalanse vil vera negativt både for potensielle utbyggjarar, kjøparar og kommunen, både med tanke på økonomi til drift og beredskap.

---

<sup>3</sup> Vestland fylkeskommune: Handlingsplan for folkehelse 2022-2025

Attraktive bustadområde handlar ikkje berre om tilstrekkeleg areal, men og nærleik, tryggleik, universell utforming (lys, le og ly, benker), materielle, sosiale og kulturelle kvalitetar som bidrar til at innbyggjarane kan halda seg aktive og meistre eigne sosiale liv.

I dagens arealdel ligg det svært mykje areal sett av til bustadområde, utan at desse nødvendigvis er kvalitetssikra med omsyn på til dømes jordvern, naturinngrep, nærleik til sentra, kapasitet på skule, og moglegheita for å ferdast trygt.

Bustadplanleggjing og planleggjing av det generasjonsvenlege samfunnet krev og tett samarbeid mellom til dømes planmynde, folkehelse, helse, utbyggjarar, næringsliv, Husbanken og kommunal kompetanse.

Stimulering til bustadplanleggjing bør vera i takt med samfunnsmessige endringar, effektiv bruk av teknologi, medverknad frå brukargrupper, moglegheit for transport og med fokus generasjonsvenleg og universelle utformingar.

**Slik gjer me det:**

- Behov for ein overordna bustadstrategi

#### 4.4. Estetikk og arkitektur

Det er sterk samheng mellom omgjevnadane og helse. Fleire ulike prosjekt dei siste åra, til dømes «Jonsok heile året» og medverknadsarbeidet, har synt sterke ønsker for meir attraktive, koselege og fine sentrumsområde.

Det er nødvendig med ein bevisst og strategisk bruk av arkitektur, utforming og design. Universell utforming er ein del av dette.

Dei tre moglegheitsstudia for Svortland sentrum, Mosterhamn og Langevåg peikar på mange gode moment som må bli teke med vidare i utviklingsarbeidet og KPA.

Byggjeskikk må også få ein sterkare plass i planarbeidet og utforming av nærmiljøet. Plassering av bygg må vektleggjast i sitt nærmiljø for å unngå skjemmaende og skrikande bygg både i silhuett og ueigna plassar.



Brandasund. Foto: Bømlo kommune / Geir Einarsen

**Slik gjer me det:**

- Følgja opp rettleiarar som «Aldersvennlig Norge» og tilsvarande
- Utarbeida lokale rettleiarar og forskrifter om t.d. belysning, fargebruk, utforming, arkitektur etc.
- Konkretisera i andre større planar, også tekniske - kulturplan, vegplan, arkitektoniske krav

## 4.5. Kultur, idrett – og frivilligheit

Bømlo kommune er ein kommune i vekst. Fleire innbyggjarar betyr auka fokus på aktivitetstilboda i kommunen. Eit godt aktivitetstilbod er viktig for å visa at Bømlo er ein attraktiv stad å bu og veksa opp i.

Kultur, idrett og frivilligheit i Bømlo kommune er mangfaldig, sterkt og uavhengig. Dei er med på å utvida vårt syn på oss sjølve og samfunnet me lever i. Dei fyller viktige roller i samfunnet og for enkeltpersonar.

I Bømlo ønskjer me å forstå kultur i brei forstand. Kultur er ei fellesnemning for kunst, ålmenn kultur, kulturformidling, idrett og friluftsliv, frivillig arbeid, kulturmiljø og kulturarv, museum, arkiv og kulturhistorie, organisasjonslivet, kulturskulane, møteplassar, bibliotek og kulturhus, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst og kulturelle verksemdar, og kreative næringar.

Me må fremja kulturlivet vårt, både med tanke på bulyst og gjera oss attraktive for tilflytting. Me må planleggja for at ei stadig aldrande befolkning skal kunne halda fram med å ha tilgang til kulturlivet vårt. Seniorane har behov for sosiale møteplassar, gode kulturtilbod og aktive kvardagar.

Bømlo har kvalitetar både på internasjonalt og nasjonalt nivå. Vår lange historie er unik og i tråd med FN sitt berekraftsmål, som me skal vera med på å styrkja innsatsen for å verna om og sikra vår del av verdas kultur- og naturarv.

### Slik gjer me det:

- Bømlo har kulturskule, kulturhus og fleire kulturaktørar i kommunen som saman sørgjer for både breidde-satsing og spissa kompetanse. Barn skal møte både amatør- og profesjonell kultur
- Byggja vidare på Moster 2024
- Fremja «Geopark Sunnhordland», som har fått UNESCO-status

### 4.5.1. Bibliotek

Bømlo folkebibliotek med filialar er ein del av demokratiet vårt, og skal vera ein open arena for alle uansett mellom anna alder og bakgrunn. Å gje biblioteket god plass i planleggjing er viktig for å utjamna forskjellar, digitalt utanforskap og dela viktig samfunnsinformasjon.

Folkebiblioteket skal halda fram med å ha ei sjølvstendig rolle og organisering.

### 4.5.2. Idrett og friluftsliv

Idretten engasjerer mange, særleg barn og unge. Eitt breitt tilbod er viktig for at alle skal ha høve til å finna ein aktivitet som passar for seg. Fysisk inaktivitet er ein av dei store helseutfordringane også i Bømlo.

Økonomisk er det lite rom for fleire idrettsanlegg. Framover blir det viktig å nytta og ta vare på det me har. Det er lite areal å ta av for nye større anlegg. Me vil prioritera mindre og lokale anlegg som genererer eigenstyrt aktivitet og frivilligheit. Dette må vurderast opp mot tilgjenge/mobilitet, befolknings-tettleik og kva tilbod ein ynskjer å ha i kommunen. Lokale anlegg er god investering i folkehelse.

Med tanke på dei sentrale anlegga me har, så må me sikra areal for framtidig utviding, slik at ein ikkje «byggjer inne» det som er.

Turlag og turgrupper er i stadig vekst og det har vore eit sterkt ønskje i medverknadsfasen at me må få på plass fleire turløyper i ulike variantar kring lokalsentra. Sikring av friluftsområde og kulturlandskap skal skje i samarbeid med lag- og organisasjonslivet.

### 4.5.3. Kyrkje og trusliv

Bømlo skal vere eit livssynsøpe samfunn. Alle skal bli møtt med respekt for livssynet sitt og trusfridomen skal bli heldt høgt.

Kristendommen er ein viktig del av vår kulturarv. Kyrkja og ulike frikyrkjelege samfunna har sterke tradisjonsrike røter på Bømlo og er samfunnsaktørar som er viktig for sambygdingane. Desse generer mange kulturaktivitetar retta mot til dømes barn og unge. Det er mange diakonale tiltak som set fokus på enkeltmennesket og vanskelegstilte grupper i samfunnet vårt. Mykje av dette skjer på frivillig basis. Aktivitetane er viktige i nærmiljøa, og kommunen ønskjer å samarbeide godt med kyrkje og bedehus.

I planperioden må me avklara behovet for fleirreligiøse seremonistader.

Når det gjeld Den norske kyrkja har kommunen det økonomiske ansvaret for bygging, drift og vedlikehold av kyrkjene, mens Bømlo kyrkjelege fellestråd har forvaltningsansvaret.

## 4.6. Kulturmiljø og kulturminne

Kulturminne er i vidaste forstand alle spor etter menneske i vårt fysiske miljø. Også naturelement som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til, er eller kan inngå som del av eit kulturmiljø eller kulturminne. Kulturmiljø har spor etter levd liv. Desse spora er ekte og autentiske og kan ikkje erstattast om dei fyrst er tapte eller skjemde. Kulturmiljøa er verdifulle då det gjev oss kunnskap, opplevingar og er ein bruksressurs. Me ynskjer å ta vare på dei for at nye generasjonar skal kunne oppleva, læra og bruka dei.

Me har ei rekkje verdifulle kulturområde knytt til tidlegare mineralindustri som har blitt vidareutvikla dei siste åra. UNESCO-område Geopark Sunnhordland er eit verdskjent kvalitetsstempel og gjev oss store moglegheiter, men gjev oss og plikter med tanke på å forvalte resten av kulturhistoria vår.

Kulturminne har ei sentral rolle i utviklinga og er særprega for Bømlo

Bømlo har som kystkommune mange verneverdige bygningar knytt til den tradisjonelle fiskarbonden. Dette er bygningar som naust, jordkjellarar, utefjos, driftsbygningar og våningshus. Ein del verneverdige bygningar er restaurert, og me må stimulera til å ta vare på fleire.

Bømlo skal vera aktiv med tanke på å samarbeida med andre mynde og å søkja og sikra seg stønadsmidlar til kulturminnearbeid. Kulturvern skjer best gjennom bruk.

I samarbeid med næringsliv og frivillige skal Bømlo sine kulturminne bli opplevd, nytta og formidla til fellesskapet sitt beste. Det historiske skal vere synleg i det moderne og funksjonelle. Me må få fleire kulturhistoriske løyper.



## 4.7. Friluftsområde

Me har fleire område til lands og til vanns som er viktige friluftsområde. Døme er områda kring Siggjo, Espevær og øyane aust og vest på nordre Bømlo. Områda kring Sagvatnet og Tjongspollen er verna. Sikring av ubygde holmar, øyar og skjær for ålmenta må halda fram, i tillegg til fleire område med viktige naturtypar.

Me har kartlagt viktige friluftsområde og vil ta vare på samanhengande grøntstruktur i og nær lokal-sentra. Kommunen skal bruka lokale nyttevekstar (frukt, grønt, bær) og leggja til rette for såkalla «byhagar» på offentleg areal i større grad enn i dag.

Lokale økosystem, det biologiske mangfaldet og habitat må ikkje bli øydelagt. Kystlyngheia må me forvalta berekraftig og ikkje mista. Me skal vera med på å forhindra at truga artar dør ut, og forhindra spreiding av uønskte og framande artar.

## 4.8. Kysten og strandsona

Me ønskjer å trekkja lokalsamfunnet ned mot sjøen. Ålmenta sin tilgang til sjøen skal vera eit gjennomgåande krav. Å utvikla sjønære areal til bustader og næring vil nokre stader gjera høva for ålmenta betre enn det er i dag.

Bygging av fritidsbustader skal skje i felt, bort frå strandsona, med eventuelle fellesanlegg til sjø. Attraktive strandområde må sikrast innbyggjarane. Ei viss fortetting i eksisterande område for føremålet kan vera aktuelt.

Me skal vurdera om det behov for ein meir differensiert arealbruk, som dei statlege retningslinjene opnar for. Særleg er det opna for interesser knytt til næringsutvikling. Kommunale kaiområde skal bli nytta til ålmenta sitt beste. Desse har historisk vore viktige møteplassar og forutan å vera felles båtfeste, kan kaiar vera viktige sosiale møteplassar med ulike kulturelle arrangement.

Fritidsbustader ved sjøen er ønskjeleg, men dette må bli meir systematisk handsama og ikkje slik at desse legg unødvendig beslag på attraktiv strandsone eller medfører at enkeltgrender blir «livlause» utanom ferisesongane. Bustadareal langs sjøen må først bli prioritert til fastbuande. Nye fritidsbustader må trekkjast lenger opp på land. Tilgangen til sjøen skal bli sikra gjennom fellesareal, opne for ålmenta.

Me vil vurdera om nokon av områda sett av til fritidsbustad er meir eigna som bustadområde.



Vevika. Foto: Geir Einarsen / Bømlo kommune

### Slik gjer me det:

- Utbygging i strandsona skal skje i samsvar med statleg planretningsline for strandsoneforvaltning og regionale planar og retningslinjer
- Interkommunal kystsoneforvaltning må bli løfta fram i Sunnhordlandsrådet
- Samordne regelverk der ein kan mellom kommunar

## 5. Rusta for livet



### Forankring

«Bømlo i dag»	Kapittel 2: Demografi. Kapittel 4 Helsetilstand og levevanar. Kapittel 5: Inkludering og deltaking
Regional utviklingsplan	Utfordring: Livskvalitet og like moglegheiter
Nasjonale forventningar	Kap. 3: trygge og inkluderande lokalsamfunn

På Bømlo skal ein kunne leva trygt heile livet, og me ønskjer å vera i eit generasjonsvenleg samfunn. Difor skal me halda fram med å rusta oss for livet slik at me hindrar uønska sosial ulikskap og fattigdom.

Livsmeistring skal vera sentralt i alt oppvekstarbeid.

Barn som veks opp på Bømlo skal oppleva seg sett, inkludert og at det er bruk for dei. Både innan oppvekst og helse skal kommunen arbeida førebyggjande og helsefremjande gjennom gode universelle tiltak, tidleg innsats og førebyggjing.

Dei ferdigheitene ein person treng i livet, er i stadig endring. For å rusta barna for livet skal ein tidleg oppleva meistring og tilhøyrse. Levevanar blir oftast etablert i tidleg barnealder. Sunt kosthald, fysisk aktivitet og nok søvn er ein føresetnad for god fysisk og psykisk helse. I barnehage og skule skal barn og unge få utvikla seg etter eigne styrkar og behov. Slik vert ein førebudd til å delta aktivt i utdanning, arbeid- og samfunnsliv.

Det er ei stor utfordring å tilpassa oss den demografiske utviklinga. Me vil mest uansett kor mange som flyttar hit, oppleva nedgang i tal på personar i yrkesaktiv alder, kombinert med auka tal personar som treng hjelp og pleie.

Nedgang i ressursar gjer at det offentlege ikkje vil kunne tilby tenestene på lik måte som tidlegare. Det må leggjast til rette for at innbyggjarane tek meir ansvar for eiga helse. Bømlo kommune yt lovpålagde helse- og omsorgstenester på ulike nivå. Parallelt gjev me naudsynte tenester som fremjar folkehelsa, livskvalitet og førebyggjer sjukdom, som til dømes meistringsarbeid, rettleiing og opptrening.



Foto: Bømlo kommune

#### Slik gjer me det:

- Kommunen skal ha heilskaplege og koordinerte tenester og leggja vekt på samarbeid og samordning i utvikling av desse
- Ansvar for eiga helse: kommunen må leggja til rette for friskliv, folkehelse, frivilligheitsarbeid, og ha fokus på å fremja rehabilitering etter skade/sjukdom
- Helsefremmande arbeid kan bli utøvd i ulike gruppefellesskap, dagtilbod, eller i liknande forum

## 5.1. Sosial berekraft

Eit sosialt berekraftig samfunn handlar om samfunn prega av tillit, tryggleik, tilhørslse og tilgang til godar som arbeid, utdanning og gode nærmiljø<sup>4</sup>. Ulike former for utanforskap er ikkje sosialt berekraftig.

Økonomiske utanforskap er ein alvorleg barriere som kan få konsekvensar for helse, kosthald, sosial deltaking. Me ønskjer å prioritera målretta og førebyggjande tiltak og tilskota våre skal vera enkle å bruka.

Forholda barn og unge veks opp med kan vera uføreseielege. Innbyggjarane må oppleva tryggleik og trivsel i nærmiljø sitt. Fokus på å skapa trivelege og trygge nærmiljø, der innbyggjarane kan møtast på tvers av generasjonar, vil verka helsefremjande og kriminalitetsførebyggjande. Teknologit utvikling og automatisering endrar samfunn- og arbeidslivet. Dagens barn og unge har mange digitale og internasjonale relasjonar, både gjennom sosiale media og eigne opplevingar.

I arbeidet med Tilflyttarstrategien<sup>5</sup> fekk me dokumentert at tilboda i dei ulike lokalsentra og i kommunesenteret ikkje når alle, anten på grunn av manglande tilgjenge eller manglande informasjon. Mangel på offentleg transport vert peika på som ei viktig utfordring i høve til å nytta eksisterande tilbod. Her er eit samarbeid med Vestland fylkeskommune som ansvarleg for offentleg transport og eigar av dei viktigaste vegsambanda våre, viktig.

### Slik gjer me det:

- Halda fram med folkehelsearbeid og støtta frivilligheita
- Ha låge foreldrebetalingar for kommunale tenester. Og framleis leggja til rette for gratis utlån av fritidsutstyr
- Ønskjer å oppretta driftstilskot for lag - og organisasjonar
- Støpnadsordningar og anlegg må vera lagt til rette for gratis aktivitetar (turløyper, møteplassar)
- Arbeida for at ulike sosiale tilbod er tilgjengelege for alle

## 5.2. Det generasjonsvenlege samfunnet

På Bømlo skal ein kunne leva trygt heile livet. Me skal vera eit generasjonsvenleg samfunn.

Eit generasjonsvenleg samfunn er eit universelt utforma samfunn der det er fokus på eit aktivt liv for alle, på tvers av generasjonar. Det er mangfald i bumiljøa og fokus på samarbeid, inkludering av alle, deltaking og meistring. Universell utforming av bustadar og bumiljø er ein naturleg del av dette.

Folk lever stadig lengre. Sjukdom og arbeidsuførleik kostar samfunnet store summer kvart år, både i form av helse- og omsorgstenester, og grunna tapt arbeidsevne og tidleg død. Felles risikofaktorar som bidreg til dette er tobakksrøyking, skadeleg bruk av rusmidlar, fysisk inaktivitet og usunt kosthald.

Desse endringane får følgjer for den enkelte sitt sosiale liv og bruken av nærmiljøet. Generasjonsvenlege lokale sentrum bør planleggjast slik at der enkelt og intuitivt å ta seg fram og bygg for ulike behov og

<sup>4</sup> [Sosialt bærekraftige lokalsamfunn - FHI](#)

<sup>5</sup> Tilflyttarstrategien, Bømlo Næringsråd/Leva Urban design 2023

aldersgrupper bør byggjast i nærleiken av kvarandre<sup>6</sup>. Naturlege treffpunkt som til dømes leikeplassar bør utformast som møteplassar på tvers av generasjonane.

**Slik gjer me det:**

- Ta omsyn til å fremja eit generasjonsvenleg samfunn i alle planar som gjeld reguleringar, byggjesaker, kommuneplanen sin arealdel
- Dynamisk arealbruk: sjå på alternativ bruk av areala over tid
- Arbeida strategisk for eit aldersvenleg kulturtilbod

### 5.3. Alle med

Å inkludera alle og arbeida mot diskriminering er ein viktig del av det å ta vare på demokratiet vårt og ei oppgåve på alle nivå i samfunnet, ikkje minst i skule og arbeidsliv. Me vil ha eit samfunn med nulltoleranse for alle former for sosial utestenging, diskriminering, rasisme, vald og trakassering.

Dei siste åra har einsemd blant barn og unge blitt mindre og dei aller fleste trivst og har gode venner. Dette ønskjer me skal halda fram og det er samstundes eit godt grunnlag for å førebyggja einsemd blant eldre. Me må ha møteplassar der generasjonar kan møta kvarandre.

Å inkludera kvarandre må skje overalt, anten det er i nabolaget, på arbeidsplassen, i skulen eller på fri-tida. Ingen som veks opp på Bømlo skal leva med mobbing. Barnehage og skule er viktige arenaer for å jobba mot dette. Førebyggjing må og skje gjennom foreldreengasjement, frivillig innsats og ved lokalsamfunnet sine egne ressursar.

Her har bygdene ulike kvalitetar som dei kan nytta. Bømlo kommune skal vera pådrivar og tilretteleggjar.

Medverknad er viktig for å skape innanforskap og me skal arbeida for at innbyggjarane får verka aktivt med i planarbeid, politiske prosessar og utvikling av samfunnet, uavhengig av alder og funksjonsnivå.



*Ordførar saman med barnehage barn.  
Foto: Bømlo kommune*

**Slik gjer me det:**

- Alle vaksne jobbar for at i Bømlo skal barn og unge oppleva eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø
- Arkitektur og utforming av uteromma skal fremja sosial berekraft
- Bidra til at lag- og organisasjonar er merksame på og arbeider med temaet Alle med og motverka mobbing og utanforskap

<sup>6</sup> KS - Håndbok i aldersvennlige lokalsamfunn, s.30

## 5.4. Sosiale møteplassar

Dei fysiske omgjevnadane har mykje å seia for sosial berekraft. Eit gjennomgåande ønskje frå både unge og eldre i løpet av medverknadsfasen, har vore fleire sosiale møteplassar, også slike som generer fysisk aktivitet. Å leggja til rette for aktivitet i bygdene vil tilføra kvalitetar til lokalsamfunna. Som ei vidareføring av prinsippa om helsefremjande nærmiljø må me sikra og omdisponera areal til sosiale føremål. Skulane og barnehagane våre spelar her ei rolle som møteplassar, og uteområda må vera gode for å kunne ha frivillige og eigenorganiserte fysiske aktivitetar.

## 5.5. Berekraftig og trygg mobilitet

Mobilitet handlar om at alle innbyggjarane skal ha trygg tilgang til skule, arbeid, tenester, fritidsaktivitetar og samfunnsdeltaking. God mobilitet handlar om livskvalitet og er med på å forhindra sosial isolasjon. Dette er særleg aktuelt ovanfor grupper som sjølv ikkje har tilgong på motorisert framkomstmiddel som barn og unge og etterkvart stadig fleire eldre.

Bømlo er eit svært bilbasert lokalsamfunn. Det er ikkje berekraftig over tid, verken med tanke på arealbruk eller at ein gjer befolkninga sårbar, sidan livskvalitet blir svært avhengig av førarkort. Skal me ha høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv og bli eit generasjonsvenleg samfunn, må me sørgja for mobilitet for alle.

Ved å tenkja på god mobilitet som ei heilskapleg reise – anten det er til arbeid, butikken eller på ein lengre ferietur – blir offentleg kollektivtransport berre ei av fleire brikker som skal fungera. Både teknisk drift (t.d. straum, brøyting), lysforhold, vegmerking, sykkelparkering, trafikktryggleik med meir, må vera sikra og ha høg kvalitet. Trygg mobilitet handlar både om det tekniske, men og om føreseieleg rutetilbod og beredskap.

Skule- og bustadområda må bindast saman med gang- og sykkelveggar for å oppnå målet om at 80% av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykla til skulen<sup>7</sup>.

Lokalsentra våre er knytt saman med fylkesveggar og alle buss-, båt- og ferjerutene er fylkeskommunale (Skyss). Langs stamlinja mellom Svortland og Leirvik er kollektivdekninga ganske bra i arbeidstida, men det er krevjande å nytta kollektivtilbodet utanom dette strekket og på kveldstid og helger.

Det blir neppe fleire kollektivruter i åra som kjem. Difor er det viktig at me samarbeider med fylkeskommunen om å utvikla det me har. Me bør satsa på lokalsentra og gjere desse til logiske lokale knutepunkt i tråd med Skyss sin mobilitetsstrategi<sup>8</sup>. Ein slik strategi er og positivt med tanke på kostnadar til kommunal infrastruktur som veg, lys og avlaup.

Båtsambandet til Bergen og Flesland Lufthamn er viktig å halde på for heile kommunen. Dette er det beste sambandet nordover i regionen, der vegbasert transport tidsmessig ikkje er eit godt alternativ.

---

<sup>7</sup> Nasjonal Transportplan

<sup>8</sup> Skyss: strategi for berekraftig mobilitet i Vestland 2022-2033




Båtsambandet er vår «buss» på sjøen; eit bilfritt transportmiddel til sentrum av regionhovudstaden vår Bergen og Flesland lufthamn.

Ferjesambandet Langevåg – Buavåg er viktig både med omsyn til den nye utviklinga av arbeidsplassar og fiskerihamn Bømlo i Langevåg og for lokal-samfunnet. Sambandet er og einaste fastlandssamband og transportåre frå sør når E39 Bømlafjordtunnelen er stengt. Ferjesambandet må sjåast på som ein del av både lokal- og regional beredskap.

Dei viktigaste vegane våre er fylkeskommunale. Bømlo vil arbeida for at fylket prioriterer vedlikehald. Bussrutene har potensiale for betre korrespondansar. Dette har til dømes ungdomsrådet og andre arbeid med å forbetra over lengre tid, og vil halda fram med å vera eit strategisk tema for oss å samarbeida om. I tillegg ønskjer me at det blir etablert nye, innovative typar rutetilbod på Bømlo.

Figur 10 Skyss sin strategi for mobilitet (april 2023)



**Slik gjer me det:**

- Samarbeid med fylkeskommunen om lokalt tilpassa mobilitetsløysingar
- Støtta opp om og leggja til rette for bestillingsruter
- Leggja til rette for at fleire skal kunna gå eller sykla i kvardagen. Utvikla lokalsentra med omsyn på mobilitet, gang- og sykkelavstand som blir vekta i bustadutvikling og utbygging
- Mål om at 80% av elevar utan skuleskyss skal gå eller sykla til skulen

## 5.6. Samarbeida om livskvalitet

Bømlo kommune skal stimulera og leggja til rette for at innbyggjarane tar ansvar for eiga helse, tar sunne val og på eigne premissar meistarar eige liv. Det betyr fokus på førebygging, helsefremjing og eigenmeistring, bevisst prioritering, organisering og lokalisering.

Bømlo kommune skal leggja til rette for og ta initiativ til samarbeid med frivillige, pårørande og næringsliv. Bømlo kommune skal ilag med samarbeidsaktørane bidra med å tilby forsvarlege, tilpassa og koordinerte tenester til dei som har behov for det. Kommunen har også eit ansvar for å førebyggja, avdekka og avverja vald og overgrep.

Auke i psykiske helseutfordringar, lågare terskel for å søkja hjelp, saman med utfordringar knytt mot robustheit, arbeidspress og levevanar gjer at psykisk helsearbeid er komplekst.

Psykisk helse skal vera eit satsingsområde som heng saman med helsefremjing og å etablera sunne levevanar. Omgjevnadane og oppvekstmiljøet skal stimulera til aktivitet, fysisk og sosialt. Det blir òg viktig å ha fokus på tidleg innsats ved lettare og gryande psykiske helseutfordringar og rusproblem.

Både kommunen og frivillige må vera med på å informera ut om dette målet og sørgja for fysisk tilrettelegging for aktivitet, anten som kvardagsrørsle eller fritidsaktivitetar. Barnehagar og skular er sentrale aktørar for å leggja til rette for gode val. Aktivitetstilbod i nærmiljøa og lett tilgjenge på sunn mat er viktige tiltak for å nå målsetjinga.

Helsefremjing må og skje i arealforvaltninga. Til dømes ved å sikra tilgang til grønne områder, natur og universell utforming, både med tanke på gater, haldeplassar, møteplassar, arkitektoniske løysingar og anna utforming av dei bygde omgjevnadane. Dette gjeld og fråvær av forureining som utslepp, støy og lysforureining.

**Slik gjer me det:**

- Ei ny og meir aktiv brukarrolle med meir fokus på førebygging og eigenmeistring, bevisst prioritering og organisering
- Målretta satsing på rekruttering og kompetanse

## 5.7. Opplæring

Bømlo kommune skal følgja nasjonale lover og forskrifter og slik sikra at barn og unge i Bømlo får den opplæring og utdanning dei har rett til. Skuledrifta blir tilpassa elevtalsutviklinga. Barnehagane og skulane skal ha helsevenlege og gode bygg og uteareal. Dei skal vera trygge arenaer for barn og unge og dei skal arbeida helsefremjande<sup>9</sup>. Dette er ein føresetnad for utvikling og læring. Skulane våre skal inkludera alle og vera fri for krenkingar, mobbing, trakassering og diskriminering.

Livsmestring er eit av dei tverrfaglege tema i i læreplanforskrifta og bidrar til at barn og unge blir førebudd til å ta vare på seg sjølv og andre. Andre tverrfaglege tema som demokrati og medborgarskap bidrar til å vera aktive og deltakande medlemmer i samfunnet. Dette krev tverrfagleg samarbeid og skulane må halda fram det gode samarbeidet med foreldre, nærmiljø og frivillige.

Barn og unge skal få tileigna seg den kompetansen som er nødvendig for å fremja ei berekraftig utvikling av Bømlo, samt få kjennskap til og knyta kontakt med lokalt arbeidsliv.

På Bømlo skal alle vera sikra lik tilgang til utdanning, deriblant personar med nedsett funksjonsevne, flykningar og barn i utsette situasjonar. Me må arbeida for at me har vidaregåande opplæringstilbod på Bømlo og i regionen. Me ønskjer ikkje at fleire unge enn nødvendig må flytta på hybel for å ta vidaregåande opplæring.

Bømlo skal støtta opp under våre høgare utdanningsinstitusjonar i regionen og samarbeida om studietilbod og utdanning der me kan.

<sup>9</sup> Vestland Fylkeskommune: Handlingsprogram for folkehelse 2020-2025

**Slik gjer me det:**

- Utvikla eit barnehage og skuletilbod som er tilpassa tal på barn og unge i kommunen, og som har eit trygt og godt lærings- og utviklingsmiljø
- Gjennom arbeid med demokrati og medborgarskap i skulen fremja engasjement og deltaking i organisasjon- og samfunnsliv

## 5.8. Bustadsosialt arbeid – «Alle skal kunne bu trygt og godt»

Bustadsosialt arbeid omfattar alt frå kommunen sin innsats for å skaffa og tildela bustader, til tenester og enkeltvedtak som kan betra den enkelte sin føresetnad for å meistra bu- og livssituasjonen sin.

Ulike grupper kan ha behov for hjelp frå kommunen til å skaffa bustad. Dette kan vera eldre, flyktningar eller personar som av ulike årsaker stiller svakt på bustadmarknaden.

Det overordna målet er at alle skal kunna skaffa og behalda ein eigna bustad. Bustadane skal i størst mogeleg grad tilpassast brukarane sine behov og økonomi. Utbyggjing skal sjåast i samheng med utvikling av kommunale tenester. Effektiv og god ressursutnytting for kommunen skal alltid takast med ved vurdering av lokalisering, utforming og tal på einingar.



*Risbudalen bufellesskap. Foto: Bømlo kommune*

Ei vurdering av behovet for justering og endring av bustadmassen blir gjort gjennom oppfølging av bustadsosial handlingsplan som er ein del av Kommunedelplan HSO, og ein framtidig bustadstrategi.

**Slik gjer me det:**

- Aktiv bruk av Husbanken sine låne- og tilskotsordningar
- Bistå med tilrettelegging av bustader til eldre og personar med nedsett funksjonsevne slik at dei kan bu lengst mogeleg i eigen bustad
- Seksjon for helse sosial og omsorg (HSO) og Bømlo kommunale eigedomsselskap (BKE) skal ha god samhandling kring utvikling av bustadmasse, bustadtildeling og oppfølging av leigeforhold

## 6. Engasjement og demokrati



### Forankring

«Bømlo i dag»	Kapittel 5: Inkludering og deltaking
Regional utviklingsplan	Utfordring: Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon
Nasjonale forventningar	Kapittel 2: Samordning og samarbeid i planleggjinga. Kapittel 3: Trygge og inkluderande lokalsamfunn

Alle har ressursar og noko å bidra med. Eit samfunn der mange er aktive, sosialt og fysisk, er eit samfunn med høg sosial berekraft og god folkehelse. Bømlo skal vera ein plass der det skal vera enkelt og trygt å engasjera seg og vera med og delta. Dugnadsånd og viljen til å delta, er ein verdi som kjenneteiknar bømlingar. Med det har me eit godt grunnlag for å styrka lokaldemokratiet vårt.

Kommunen verken kan eller bør løysa alle oppgåver. Noko blir løyst best av frivillige på privat initiativ, og i medverknadsarbeidet veit me at det store ressursar i nærmiljøa som kan vera med på dette. Medverknad og deltaking frå alle aldersgrupper blir viktig, men spesielt frå barn og unge.

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal vera målretta, systematisk og sporbart. Temaet skal også vera godt integrert i kommunen sitt planverk og styringssystem. Krig og konflikt ute i omverda påverkar også Bømlo. Beredskap er omfattande og må gå igjen i all planleggjing. Samfunnet sine verdiar, kultur og viljen til å stille opp for kvarande er og ein del av totalberedskapen vår.

### 6.1. Demokratiet vårt

Me må ta vare på demokratiet vårt. Demokratiske verdiar og eit ope samfunn er ikkje ein sjølvfølge, og kvar generasjon må forvalta dette vidare.

Ingen skal føla at dei demokratiske rettane blir svekka gjennom trugs-mål, vald og hets. Debattarena - fysiske som digitale - og politisk aktivitet er del av samfunnsberedskapen vår.

Skulane er viktige for nærmiljøa og som demokratiarena. Demokratiopplæring må skje som ein del av opplæringa, for både barn og vaksne, og me må ha opne debattarenaer som bibliotek, og handheva ytringsfridomen i kunst og kulturformidling. Det same gjeld trusfridom og at Bømlo skal vera ein trygg plass å utøva og utrykkja ulike former for religions- og livssyn. Som samfunn må me ikkje tolerera hets mot desse og andre menneskerettar som kjærleik og ulike samlivsformer.

Framover blir motstandskraft i samfunnet mot desinformasjon og falske nyheiter eit viktig tema. Dette byrjar i skulen, men tema som kjeldekritikk er både eit individuelt og samfunnsmessig ansvar.



Opplesing av Kristenretten under 1000 års jubileum Møster 2024.  
Foto: Bømlo kommune

#### Slik gjer me det:

- Fremja ytringsfridom og leggja til rette for ein sakleg og konstruktiv samfunnsdebatt
- Sikra oss mot desinformasjon, mellom anna gjennom å vera kjeldekritiske

## 6.2. Digitalisering

Digitalisering handlar om å bruka teknologi til å fornya, forenkla og forbetra prosessar. Gjennom digitalisering av prosessar kan ein oppnå vinstar for samfunnet og for både miljømessig-, sosial- og økonomisk berekraft. Den digitale utviklinga gjev gode moglegheiter for både omstilling og auka verdiskaping, gitt at digitaliseringa er hensiktsmessig med eit klart føremål. For å løysa oppgåvene innan til dømes helse- og omsorgstenester, er det nødvendig med samhandling på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Me må heile tida vera opne for nye arbeidsformer som teknologisk utvikling fordrar, til dømes ved digitalisering og automatisering av tenester og produkt.

Digitalisering vil ikkje berre påverka organisasjonar og institusjonar, men også lokalsamfunna våre. Tilgjengeleggjering av offentlege tenester gjennom digitale plattformer kan bety at fleire innbyggjarar, uavhengig av bustad eller fysiske avgrensingar, vil få tilgang til nødvendige tenester raskare og enklare. Gjennom lik utforming av tenester kan me sørge for at alle brukargrupper, inkludert eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, enklare kan nytta seg av tenestene. Universell utforming av digitale løysingar er derfor heilt avgjerande for at alle skal ha like moglegheiter til å nytta offentlege tenester.

Kunstig intelligens (KI) spelar òg ei sentral rolle i denne utviklinga. KI kan ikkje berre forenkla og effektivisera eksisterande tenester, men også tilpassa dei til individuelle behov, noko som kan føra til ei meir treffsikker og fleksibel tenesteproduksjon. Dette kan gi betre brukaropplevingar og sikra meir personleg tilpassa tenester, for eksempel innan helse, der KI kan brukast til meir nøyaktig diagnostisering eller oppfølging av pasientar.

I oppvekstsektoren kan KI også spela ei viktig rolle ved å bidra til å tilpassa læringsopplevingane for elevane. Ved hjelp av KI-baserte system kan skular analysa elevdata for å identifisera individuelle læringsbehov, dette gjer det mogleg å tilby meir målretta undervisning og betre oppfølging av den enkelte elev.

Samtidig som digitale tenester har blitt ein sjølvfølge for det norske samfunnet, har digitaliseringa også medført eit endra risikobilette. Lokalsamfunn blir meir avhengige av digitale løysingar, og dette gjer oss sårbare for teknologiske angrep og driftsavbrot. Dette stiller krav til robust infrastruktur og evna til å oppretthalda samfunnskritiske funksjonar, sjølv ved tap av nettilgang.

I tillegg til desse utfordringane kjem dei sosiale endringane som digitalisering og skjermbruk fører med seg. Overdriven skjermbruk, spesielt blant ungdom, kan bidra til helseproblem som søvnmangel og mental uro. Dette er folkehelseutfordringar som lokalsamfunn må førebyggja ved å fremja medvitne digitale vanar, og samstundes sørgja for alternative sosiale møteplassar som fremjar fysisk aktivitet og direkte samhandling.

## 6.3. Digitalt utanforskap

Digitalt utanforskap handlar om at enkelte grupper ikkje har tilstrekkeleg tilgong til eller moglegheit for å nytta digitale tenester som er nødvendige for å oppfylla rettane sine. Dette kan skuldast manglar innan til dømes språk, tilgong til utstyr, forvaltningsforståing, helsetilstand eller generell digital kompetanse. For mange kan utfordringar med slike barrierar hindra tilgang til viktige funksjonar i kvardagen, noko som kan gjera både sosial deltaking og bruk av tenester knytt til helse og sosialsektoren meir komplisert.



I tillegg bør kommune, næring og frivilligheit leggja til rette for digitale møteplassar der innbyggjarane kan øva seg på å bruka teknologi i trygge omgjevnader. Dette kan bidra til å styrkja digital kompetanse, byggja sjølvtilitt og føra til betre deltaking i det digitale samfunnet. Slike tiltak kan det også bidra til å redusera sosiale skilnader og auka inkludering.

Arbeidslivet er også ein arena der digitalisering kan bidra til inkludering. Overgangen mellom fysiske og digitale arbeidsplassar gjer det mogleg å inkludera folk som bur geografisk fjernt eller har behov for tilpassa arbeidssituasjonar, noko som kan bidra til betre integrering i arbeidslivet for fleire grupper.

**Slik gjer me det:**

- Tilby brukarvennlege digitale tenester, samstundes som ein sikrar gode alternativ som t.d. fysiske møteplassar eller telefonbasert hjelp
- Tilby opplæring i samarbeid med lag og organisasjonar for å redusera digitalt utanforskap

## 6.4. Kommunestyret og dei folkevalde

Den fremste institusjonen i lokaldemokratiet vårt, kommunestyret, skal vera engasjert, inkluderande, kompetent og tilpassingsdyktig. Både dei folkevalde og administrasjon skal samarbeida i tillit og vera kompetente på sentrale tema som demokratiutvikling, planarbeid og medverknad. Politikk og administrasjon skal i større grad samskapa og utvikla kommunen saman.

Digitaliseringa av lokaldemokratiet skal vera til det beste for lokalsamfunnet og fremja medverknad. Openheit i politiske prosessar skal ha høg prioritering og me ønskjer stadig å styrka oss på dette. Både folkevalde og administrasjonen må kjenna godt til regelverk og praksis.

I Bømlo skal me ha nulltoleranse for sjikane og trugsmål mot folkevalde og rådsmedlem. Både politikarar og administrasjon skal stå saman om å kunne utføre sine oppgåver under trygge høve.

**Slik gjer me det:**

- Kommunestyret sine medlemmer skal få god opplæring og fagleg støtte
- Dei folkevalde og administrasjon skal samarbeida og samskapa i tillit

## 6.5. Grendautvala

Grendautvala som sjølvstendige einingar og paraplyorganisasjonar for lag og organisasjonar er viktige talerøyr, medspelarar og samarbeidspartnarar. Dei er eit mellomledd mellom kommune og innbyggjarar, og viktige i medverknads- og samskapingsarbeidet. Grendautvala bestemmer sin eigen agenda og kommunen skal vera ein støttespelar og elles bistå på best mogleg måte mellom anna ved at det er oppnemnd ein kontaktperson mellom utvala og administrasjonen.

Samarbeidet mellom grendautvala skal bidra til å auka samholdet i kommunen, og dette og samarbeidet med kommunen skal utviklast framover.

**Slik gjer me det:**

- Samarbeidet mellom Bømlo kommune og grendautvala skal halda fram

## 6.6. Ungdomsrådet

I Bømlo skal barn og unge si stemme bli høyrte. Gjennom utvikling og utprøving av nye metodar og arbeidsformer, skal me ha fokus på arbeidet med å utvikla kommunen ut i frå barn og unge sitt perspektiv og leggja til rette for gode medverknadsprosessar.

Bømlo ungdomsråd spelar ei sentral rolle i å representera barn- og unge sine interesser. Det skal sikra at arbeidet blir koordinert, fremja og følgt opp, slik at rådet er sikra reell medverknad.

*Ungdomsrådet 2023-2024. Foto: Bømlo kommune*



### Slik gjer me det:

- Halda fram med politisk og administrativ oppfølging av ungdomsråd
- Sikra ungdomsråd midlar til prosjekt og aktivitetar

## 6.7. Eldrerådet

Eldrerådet i Bømlo skal sikra brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld eldre innbyggjarar. Rådet skal arbeida for å betra dei eldre sine levkår på alle felt og for å gje dei eldre trygge, aktive og innholdsrike liv. Det skal vera eit rådgjevande organ for kommunen i alle saker som gjeld eldre.

## 6.8. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet skal arbeida for at menneske med nedsett funksjonsevne vert sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som gjeld for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet skal medverka til at menneske med nedsett funksjonsevne får tilgang til tenester og informasjon som er nødvendig for å kunne fungera best mogleg i kvardagen.

## 6.9. Planprosessar – effektive og demokratiske

Bømlo kommune skal sikra effektiv behandling av private planforslag. Oppdaterte planar basert på målretta medverknad er eit av dei viktigaste verktøya me har for å få dette til. Per i dag har me ikkje nok kompetanse eller kapasitet på å planleggja for alle samfunnstema som ein kommune ideelt sett burde. Nøkterne prioriteringar i planstrategien er difor viktig.

Me kjem i framtida til å bli utfordra på at alle planar – samfunnsplanar og arealplanar – må ha meir fleir-fagleg og tverrsektoriell forankring. Planarbeid må bli gjort meir av fag- og prosjektgrupper, og ikkje berre av einskilde sakshandsamarar.

I ein kommune 3.0 kan ikkje alle sakar bli ferdighandsama av fagadministrasjonen først, slik at politikarane får ei sak heilt til slutt. I store sakar er det viktig med politisk eigarskap heile vegen. Det kan me satsa vidare på utan at det kjem i rollekonflikt mellom fagadministrasjonen og folkevalde.

Dei som fremjar planar må tidleg i planprosessen få avklara kva kvalitetar me ønskjer at tiltak skal tilfredsstillende, og kva utgreiingar ein bør sørgje for. Kommunen har ansvar for å sjå til å at aktiv medverknad, som er noko meir enn høyring, blir gjennomført.

Kontroll av ulovlege tiltak må bli skjerpa. Til det må det bli sett av budsjettmidlar og kapasitet til å gjennomføre desse betre enn i dag.

**Slik gjer me ha det:**

- Tidleg politiske eigarskap må m.a. sikrast gjennom politiske styringsgrupper
- Prosjektplan/planprogram må syna involvering/medverknad utover høyring. Gjeld og private planar
- Kommunedirektør og leiing har regelmessig og systematisk oppfølging av sentrale styringsdokument
- Følgja opp lovlegheitskontroll

## 6.10. Medverknad i planar

Medverknad i frå innbyggjarane skal vera viktig i Bømlo kommune. Me har lagt ned mykje ressursar i dei siste åra og har mykje kompetanse på til dømes ABCD-metodikk, i tillegg til å ha utvikla eigne, lokalt tilpassa metodar.

Kommunen har tilsynsansvar for at aktiv medverknad er gjennomført i private planar. Me treng stadig kompetanseheving og nye verktøy i organisasjonen. Framover blir særleg barn og unge sin medverknad i arealplanar viktig.

**Slik vil me ha det:**

- Medverknad skal vera tema på dialogmøte med grendautval
- Bli tydelege på medverknad (forventningar), og ha god fagleg kompetanse på dette i administrasjonen

## 6.11. Beredskap og samfunnstryggleik

Kommunen har ei viktig rolle som lokal beredskapsmynde og skal ta i vare befolkninga si tryggleik innan kommunen sitt geografiske område. Kommunane i Norge utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

I Bømlo kommune sitt arbeid med beredskap og samfunnstryggleik må målet vere tryggleik for menneske og miljø, og ein beredskapsorganisasjon som taklar beredskapshendingar og kriser.

Me klarer ikkje å førebyggja all risiko i samfunnet. Det er alltid ein risiko for at det kan skje uforutsette beredskapshendingar eller kriser lokalt, nasjonalt eller internasjonalt, som kan påverka kommunen sine innbyggjarar, næringsliv, økonomi og tenesteyting.

Innan beredskap og samfunnstryggleik er utfordringa at problema ikkje er tydeleg definert og kan endra seg over tid, dei er usikre og uønskte hendingar som er utenkjelege kan oppstå.

Kommunar står ikkje overfor éin enkelt trussel, risiko eller sårbarheit, men eit mangfald av utfordringar som krev tilsvarande variasjon av førebyggjande og skadereduserande tiltak. Dette inneber at kommunen må våga å stå i usikkerheit, ikkje vita alle svara på førehand og ein må vera open for å løysa oppgåvene på nye måtar. Døme på uønskte hendingar: bortfall av vann, naturfare, cyberangrep, digitale truslar, pandemi, terror, men også globale kriser, krig. Straummangel eller bortfall av straum vil føra til store vanskar i dagleglivet i heile samfunnet og vil m.a. føra til at innbyggjarane ikkje får dekkja grunnleggjande behov.

Som ein øykommune er me sårbare ved stenging av veg/bru/tunell til fastlandet og/eller at ferja er innstilt, t.d. som følgje av ekstremvær eller ulukke. Difor må me sikra god samhandling med eigarar av kritisk infrastruktur og ha god beredskap for viktige samfunnsfunksjonar. Hendingar må bli handsama på lågast mogleg nivå i organisasjonen etter dei fire beredskapsprinsippa; ansvar, nærleik, likskap og samvirke, og ha som mål at negative konsekvensar vert minst mogleg. Samarbeid og samvirke med andre aktørar innan beredskap og samfunnstryggleik er viktig.



Vedlikehald på Bømlabrua. Foto: Bømlo kommune

#### Slik vil me ha det:

- Innan beredskap og samfunnstryggleik må det arbeidast heilskapleg, kunnskapsbasert og systematisk, og temaet skal vera med i alle overordna planar
- Tilpassa og sikra Bømlo kommune mot konsekvensane av klimaendringar og ekstremvær, pandemiar, terror og andre uønskte hendingar i planlegging og forvaltning
- Beredskapsøvingar, både små og korte eller lengre og meir omfattande, kan bidra til kommunen står betre rusta til å møte aktuelle hendingar og kriser som kan oppstå. Evaluering etter beredskapsøvingar og reelle hendingar er viktige, både for læring og for å avdekke eventuelle behov for justering av beredskapsplanverk
- Gjennomføring av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse (HROS), minimum frekvens slik lover og forskrifter krev, men gjennomføring oftare ved behov
- Bømlo kommune skal jobba førebyggjande med beredskap for å sikra tryggleik for befolkninga
- Styrkja informasjon om eigenberedskap slik at innbyggjarane kan klara seg sjølv med m.a. vatn, mat, medisinar og varme i minimum 7 dagar, slik DSB sine oppdaterte råd er
- Bømlo kommune må tilpassa seg samfunnsendringar og vera godt førebudd på beredskapshendingar og krisesituasjonar med årleg gjennomgang og nødvendig oppdatering av kommunen sitt overordna beredskapsplanverk, samt systematisk og metodisk arbeid for å redusera sannsynet for at uønskte hendingar skjer (førebygging)
- Utarbeida rettleiing av akseptkriteria til bruk elles i den kommunale organisasjonen, til dømes på verksemdnivå
- Arbeidet med risiko- og sårbaranalysar er viktig på alle nivå i Bømlo kommune. Følgja opp rutinar for kartlegging, vurdering og handtering av risiko innanfor alle nivå av tenesteproduksjonen, og eventuelt innarbeida nye rutinar



## 6.12. Frivillig innsats

Sosial berekraft kan mellom anna bli rekna i at mange deltek i nærmiljøa sine og frivillig innsats. Frivilligheit og dugnadsånd står sterkt på Bømlo og er av grunnleggjande betydning for dei gode oppvekst- og buforholda i kommunen og viktig for den sosiale kapitalen vår. Frivilligheita er ein sentral utviklings- og rekrutteringsarena både for det profesjonelle kulturlivet og for andre områder i samfunnet. Frivilligheit er og ein del av beredskapen vår.

Bømlo kommune har vedteke ein frivilligpolitisk plattform og denne vert utvikla vidare saman med frivilligheita. Me skal leggja til rette for at det skal vera enkelt å driva frivillig arbeid og vera frivillig i Bømlo, og me skal ha ein kontinuerleg dialog med lag og organisasjonar og innbyggjarar i kommunen. Frivilligheita er autonom og sjølvstendig. Bømlo kommune skal verdsetja frivillige og frivillige organisasjonar og ta vare på eldsjelene.

Når Bømlo kommune samarbeider med frivilligheita i sine tenester, skjer det på ein måte som sikrar frivilligheita sin autonomi og eigenart og det skal vera eit supplement og ikkje erstatning for kommunale tenester. Sosial-, økonomisk- og miljømessig berekraft må også i frivilligheita få ei viktigare rolle framover.

## 6.13. Interkommunalt samarbeid

Bømlo kommune vil halda fram med å vera ein sjølvstendig kommune. Utviklinga i éin kommune i Sunnhordland kan likevel fort verka inn på utviklinga i ein av nabokommunane, eller det er saker som med fordel kan bli fremja og løyst i fellesskap.

Klimagassutslepp følgjer ikkje kommunegrensar. Klimaomstilling og klimaleiing må difor også skje på regionalt nivå. Aktuelle tema er tilgang på grønt energi, klimakrav i innkjøp og anbod. Saker som mellom anna miljøfyrtårnsertifisering, reiselivsstrategiske mål og kompetanseheving har Sunnhordlandsrådet vore god samarbeidspartnar.

Kommunane Bømlo, Stord og Fitjar utgjer ein felles bu- og arbeidsmarknad med regionsenterfunksjonane lagt til Stord. Næringslivet i desse kommunane er grunnleggjande med omsyn på arbeidsplassar, bruk av ressursar og kompetanse, og variasjon og attraktivitet i arbeidsmarknaden på tvers av kommunegrensene.

Me bør difor sjå på handel-, transport og arealforvaltning i samanheng, slik statlege planretningslinjer lenge har fokusert på. Me må utvikla regionsenter og kommunesenter som byggjer samla attraktivitet. Her ønskjer me at fylkeskommunen kan vera med og både rettleia og forankra.

Reiseliv- og destinasjonsutvikling av regionen bør skje i samarbeid. Samordna og effektiv marknadsføring for Sunnhordland og lokale reiselivsmål, her under vera pådrivar for felles kultur- og identitetsskapande arbeid.

Me vil vidare halda fram samarbeidet om næringsutvikling gjennom Atheno og Visit Sunnhordland.

Saman må me støtta opp om, og utvikla kvarandre sine kompetansmiljø som Høgskulen Vestland campus Stord og dei vidaregåande skulane i regionen.

### Slik vil me ha det:

- Følgja opp aktuelle tema i Sunnhordlandsrådet og med Vestland fylkeskommune
- Halda fram med å samarbeida om næringsutvikling gjennom Atheno og Visit Sunnhordland

## 6.14. Bømlo kommune som arbeidsgjevar

For at Bømlo kommune skal lykkast med å nå berekraftsmåla må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Det betyr mellom anna å leggja til rette for at den enkelte medarbeidaren vert gjeven moglegheit for fagleg og personleg utvikling i sitt arbeid.

Hovudutfordringa vil vera å rekruttera, utvikla og behalde tilstrekkeleg kvalifisert kompetanse til å levera gode tenester og auka evna vår til innovasjon.

Alle i Bømlo må vera med på å framheva det som kan vera konkurransefortrinn. Det kan dreia seg om gode nærmiljø, eit generasjonsvenleg samfunn, fleksible permisjonsordningar, moglegheit til opplæring og lett tilgang til kultur- og naturopplevingar. Me skal vera ein inspirerande og inkluderande arbeidsplass.

Me stiller krav til våre leiarar og våre tilsette i forhold til å ta Bømlo kommune inn i framtida, me styrer på ein måte som er berekraftig og helsefremjande, samstundes som me kvar dag skal yta tenester med rett kvalitet og innhald til våre innbyggjarar.

Bømlo kommune har fokus på kontinuerleg HMS arbeid og viktigheita av at alle tilsette skal ha ein trygg arbeidsplass. Det skal vera nulltoleranse for trugande og trakasserande åtferd mot tilsette og dei som utfører oppdrag for kommunen.

### Slik vil me ha det:

- Følgja opp Bømlo kommune sin arbeidsgjevarpolitikk

## 6.15. Bømlo skal vera nynorskkommune

Å kunne uttrykkja seg på eige språk og målform er eit viktig demokratisk prinsipp. Bømlo er, og skal halda fram med å vera, ein kommune med nynorsk som målform.

Me skal bruka og synleggjera nynorsk i kommunale planar, kommunikasjonsarbeidet, i digitale tenester, i skriftleg informasjon til innbyggjarane, kulturarrangement og elles i marknadsføring og omtale av kommunen.

Me skal støtta opp om tiltak som fremjar bruk av nynorsk i kommunale og interkommunale føretak. Innvandrarar og flyktningar skal få opplæring i, og bli kjende med, nynorsk. Barnehagar og skular skal få nytta nynorsk både aktivt og kreativt.

### Slik vil me ha det:

- Halda på nynorsk som målform
- Alle tilsette må bli kjent med god målbruk og Bømlo kommune sin språknorm

## 6.16. Prinsipp om eigarskap

Bømlo kommune verken kan eller skal løysa alle samfunnsoppgåver, men der kommunen skal vera til stades, skal han vera profesjonell, kompetent og open for samarbeid og nye løysingar. Me vil ha ein

tydeleg eigarskapsstyring og vera konkrete på kva me ønskjer å gjera med det me er eigarar av, anten det gjeld bygg, eigedom eller eigarskap i ulike føretak og verksemder.

Selskapsform må bli vald ut og grunngjeve ut i frå eit behov og med eit føremål. Eigarskap må bli evaluert regelmessig. Me må vera bevisste der det offentlege driv i ein marknad i konkurranse med andre for å unngå urett subsidiering eller konkurransevriding.

Dei folkevalde skal få god kunnskap om eigarskap og representasjon. Ulike styre må ha god samansetjing og kompetanse etter selskapets føremål og verksemd.

Sjølv om Bømlo kommune per i dag er i ein krevjande økonomisk situasjon, ønskjer me at offentleg eigedom held fram med å vera det der det er utviklingsmoglegheiter.

I Bømlo skal det vera ope for ein miks av private og offentlege velferdstilbod. Mykje av dette fungerer bra i dag, som til dømes private barnehagar, ein modell som har tent innbyggjarane godt.

Der Bømlo kommune gjer innkjøp av service og tenester gjennom anbod skal me stilla strenge krav til lønns- og arbeidsforhold.

**Slik vil me ha det:**

- Bevisstgjerung og kunnskap om politisk eigarskap
- Følgja opp KS sin rettleiar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll
- Vidareutvikla eigarskapsmeldinga, slik at den vert eit meir strategisk verktøy for eigarskap

## 7. Arealstrategiar



### Forankring

«Bømlo i dag»

Regional utviklingsplan

Nasjonale forventningar

Kapittel 6: Klima og miljø

Utfordring: Naturmangfald og areal

Kapittel 3: Trygge og inkluderande lokalsamfunn.

Kapittel 5: Klima, natur og miljø for framtida

Arealstrategiane i ulike delar av samfunnsplanen og dei arealstrategiske karta i dette kapittelet utfyller kvarandre og må lesast i samanheng. Karta er strategiske og overordna, og gjev difor ingen juridisk binding eller verknad. Avgrensingane blir ikkje tolka som absolutte, men viser ein overordna prinsipiell struktur.

### 7.1. Kommunesenter og lokalsenter


Dette kartet er eit utgangspunkt for avgrensing av kommunesenteret og lokalsentra på Bømlo. Skissene er basert på gå-analyse frå eit sentralt punkt på karta. Svortland som kommunesenteret inneheld også sone for 5 minutt med sykkel. Avgrensing av kommunesenter og lokalsenter er eit forslag på sentrale områder som bør utviklast med høgare tettleik enn resten av tettstaden. Ein slik analyse er brukt som strategi til å fremja utvikling som gjev korte avstandar til daglege behov, og dermed reduserer behov for bilbruk.



*Finnås, Langevåg, Moster, Rubbestadneset og Svortland. Foto: Bømlo kommune*



### 7.1.1. Svortland og Bremnesområdet



Figur 11 Illustrasjon over gåavstand og sykkelavstand frå torget på Svortland. Torget var valt som punkt på bakgrunn av funksjonen som sosialt knutepunkt i kommunesenteret (gul prikk). Den indre kjernen viser gå-avstand på 5 min, etterfylgt av ein svakare sone som viser 10 min gåavstand, kor den ytste sonen viser 5 min sykkel-avstand. Utklippet er henta frå kartverktøyet Qgis.

Svortland som kommunesenter inkluderer Svortland sentrum, og av bustadfelt vert blant anna Stavlandskleivane, Leite vest, og Svortland sør inkludert. Sonene er illustrative og ikkje juridisk bindande. Endringar kan førekomme. I nær avstand frå Svortland er det fleire store bygder. Meling og Gilje er eigne skulekrinsar, og Meling er den nest største barneskulen i kommunen. Desse krinsane og bygdene som tilhøyerer Svortland skulekrins nyttar Svortland som sitt lokalsenter med butikkar og fritidstilbod for barn og unge.

I Svortland sentrum, som den største tettstaden på Bømlo, vert det anbefalt generelt høg tettheit og arealutnytting. Sonene på kartet viser til område med spesielt behov for høg arealutnytting. Som kommunesenter skal det vera strengare krav ved utbyggjing for å sikra ein framtidsretta og berekraftig utvikling i sentrum.


På grunn av fortetningsutvikling er det viktig at grønstruktur blir sikra på eigne areal. Dette kan eventuelt sikrast ved bruk av grønne tak.

Den inste sona i sentrum viser til stort behov for høg arealutnytting. Fleire funksjonar skal vurderast kombinert, og grønstruktur skal prioriterast. Parkering bør integrerast i bygg for å frigjera plass til grønstruktur og andre sentrumsqualitetar. Det skal leggjast til rette for byggjing i høgda. Bustadtypar med låg arealutnytting som t.d. einebustadar og tomannsbustadar bør unngåast til fordel for andre bustadtypar med betre arealutnytting. Det skal vera aktive, opne fasadar i første etasje mot gater og sentrale fellesareal. Grønne tak kombinert med rekreasjon vil sjåast på som svært positivt.

I sona i midten blir det anbefalt å byggja med middels til høg utnyttingsgrad. Einebustader vert ikkje anbefalt. Det skal leggjast til rette for å byggja i høgda.

I den ytste sona er middels til høg utnytting anbefalt der det er moglegheit for det. Einebustader vert ikkje anbefalt.

### 7.1.2. Finnås




Figur 12 Illustrasjon av Finnås som viser gå-avstand på 5 minutt (indre sone) og 10 minutt (ytre sone) fra parkering foran bensinstasjon og butikk (gul prikk). Utklippet er henta frå kartverktøyet QGIS.

Finnås som lokalsenter består av servicetilbod, kombinert med bustadfelt og viktige kulturområde. Det skal leggjast til rette for betre arealutnytting ved utbygging innanfor gå-sonene. Dette skal gjerast samtidig som at dei viktige kultur- og naturverdiane blir bevarte.

Det vert anbefalt høg utnytting i den inste sona dersom det ikkje er i konflikt med dei viktige kulturverdiane. Grunna kulturverdiane som i stor grad ligg i den inste sona, vil det og vera aktuelt å fortetta i den yste sona.

### 7.1.3. Langevåg




Figur 13 Illustrasjon av Langevåg som viser gå-avstand på 5 minutt (indre sone) og 10 minutt (ytre sone) frå parkering føre Bygdaturnet og butikk (gul prikk). Utklippet er henta frå kartverktøyet QGIS.

Langevåg er eit lokalsenter med fleire sentrumsqualitetar innanfor gå-sonene. Innanfor desse sonene skal det leggst til rette for utvikling med høgare arealutnytting og bygging i høgda. I den inste sona bør bustadtypar med høg arealutnytting bli prioriterte.



### 7.1.4. Moster




Figur 14 Illustrasjon av Moster som viser gå-avstand på 5 minutt (indre sone) og 10 minutt (ytre sone) fra parkering foran bensinstasjon og butikk (gul prikk). Utklippet er henta frå kartverktøyet QGIS

Moster som lokalsenter er fragmentert når det gjeld bustadfelt og servicetilbod. Ved vidare utvikling av Moster som lokalsenter skal det vera fokus på høg arealutnytting og samling av servicetilbod.



### 7.1.5. Rubbestadneset



Figur 15 Illustrasjon av Rubbestadneset som viser gå-avstand på 5 minutt (indre sone) og 10 minutt (ytre sone) frå parkering føre bensinstasjon og butikk (gul prikk). Utklippet er henta frå kartverktøyet QGIS

Rubbestadneset har eit lokalsenter som har svært mange funksjonar innanfor gå-avstand. Det er lite ledig areal for utbygging innanfor gå-sonene, og viser med det eit behov for høgare arealutnytting. Her bør det prioriterast bustadtypar med høg arealutnytting.


## 7.2. Natur



Figur 16 Utlipp av Miljødirektoratet sitt kart «inngrepsfri natur i Norge». Datasettet viser kva områder på Norges fastland som ikkje er berørt av større naturinngrep pr. januar 2018. Inngrepsfri natur er i dette kartet definert som 1 kilometer i luftlinje frå større inngrep som veg, større kraftlinjer, jernbane, steinbrott m.fl.



Som en del av målet om å redusera nedbygging av natur, bør kommunen setja langsiktige grenser for utbygging. Illustrasjonane i figur 16 og 17 vil vera eit av fleire kunnskapsgrunnlag som kan gje eit utgangspunkt for kvar ei slik grense kan vera aktuell å setje.




Figur 17 Utklipp som visar menneskelege påverknadar i raudt, og natur 250 meter frå desse påverknadane i grønt. Av menneskelege påverknadar er bygningar, veg og kraftlinjer inkludert. Traktorveggar og planlagt utbygging er ikkje inkludert.

### 7.3. Jordvern

Bømlo kommune skal førebyggja mot nedbygging av dyrka-, dyrkbar mark og myr. Dette samtidig som at ein ønskjer ei utvikling med fortetting i kommunesenteret og lokalsentra. I Rubbestadneset vil dette ikkje bli ein særleg interessekonflikt, då ein kan sjå i figur 22 at det ikkje er særleg med førekomst av jordbruksareal eller myr. Det kan derimot bli ein konflikt mellom jordvern og fortetting i dei andre lokalsentra. I kommunesenteret er det jordbruksareal nær sentrum. Jord- og myrvern skal prioriterast, og ein skal ha fokus på å fortetta, gjenbruka og transformera allereie nedbygde areal før nedbygging av jordbruksareal blir vurdert.


#### 7.3.1. Svortland



Figur 18 Svortland som kommunesenter sett i saman med myr (blå skravur), og dyrka- og dyrkbar mark (gul og oransje). Utklipet er henta frå kartverktøyet QGIS. Kartlag for myr, dyrka- og dyrkbar mark er frå datasettet AR50.




### 7.3.2. Finnås



Figur 19 Finnås som lokalsenter sett i saman med myr (blå skravur), og dyrka- og dyrkbar mark (gul og oransje). Utklippet er henta frå kartverktøyet QGIS. Kartlag for myr, dyrka- og dyrkbar mark er frå datasettet AR50.




### 7.3.3. Langevåg





### 7.3.5. Rubbestadneset



Figur 22 Rubbestadneset som lokalsenter sett i saman med myr (blå skravur), og dyrka- og dyrkbar mark (gul og oransje). Grønt område er naturområde definert som «inngrepsfri natur» av Miljødirektoratet. Utklippet er henta frå kartverktøyet QGIS. Kartlag for myr, dyrka- og dyrkbar mark er frå datasettet AR50.



## 8. Utvalde kjelder

### Lokale

- Bømlo kommune «Bømlo i dag» (2023)
- Tilflytterstrategien, Bømlo Næringsråd/LEVA Urban 2023: <https://www.tilflytterstrategi.no/>

### Regionale

- Folkehelseundersøkinga Vestland, link til side med rapportar: [Folkehelseundersøkinga - Vestland fylkeskommune](#)
- KS/FoU «Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel» sluttrapport, prosjekt om kommuneplanens samfunnsdel: [«Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel» \(d33by0imu011lz.cloudfront.net\)](#)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel 2015 - 2026: [regional-plan-for-attraktive-senter-i-hordaland.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)
- Regional plan for kultur 2023 - 2035 «Kultur bygger samfunn»: [230322-regional-plan-for-kultur.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)
- Regional utviklingsplan for Vestland 2024-2028, informasjonsside: <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/utviklingsplan-2024-2028/>

### Nasjonale

- KS: «Bærekraftig arealbruk innenfor rammen av lokalt selvstyre», <https://www.ks.no/contentassets/d6808fa016bf45d185e397b865f86d3c/Berekraftig-arealbruk.pdf>
- Rettleiar «Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen», Miljøverndepartementet: [t-1492.pdf \(regjeringen.no\)](#)
- Miljødirektoratet, oversyn - utslepp av klimagasser i kommuner og fylker: <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=666&sector=-2>
- Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging (2023), Kommunal- og distriktsdepartementet: [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 \(regjeringen.no\)](#)
- NAV: Omverdenanalyse 2023 – 2035 (NAV rapport nr.4 2023): [NAVs omverdensanalyse 2023–2035 - nav.no](#)
- Regjeringa: Perspektivmeldingen 2024 (Meld. St. 31 2023 – 2024): [Meld. St. 31 \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#)
- UngData 2024: <https://www.ungdata.no/>